



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus – oppmøte Scana Volda  
**Dato:** 31.01.2017  
**Tid:** 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret til møtet vert halde.

**Formannskapet møter på Scana Volda kl. 12.00, for orientering om bedrifta.**

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 14/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 15/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 16/17	<b>Planid 2016009. Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid, gbr.18/1</b>
PS 17/17	<b>Vurdering av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning</b>
PS 18/17	<b>Vidareføring av avtalar mellom fylkeskommunen og kommunane om God Helse partnerskapet for 2017-2019</b>
PS 19/17	<b>Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner</b>
PS 20/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 18/17	<b>Orientering om innspel til arealdelen og vidare planprosess - Planid 2016005</b>
OS 19/17	<b>Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal</b>
OS 20/17	<b>Orientering til formannskapet - Intensjonsavtale PPT</b>
OS 21/17	<b>Svar på spørsmål frå MDG om midlar til klimatiltak i kommunene</b>
OS 22/17	<b>Svar på søknad om økonomisk støtte (kr 25.000) til oppussing av nytt lokale i høve riving av gamleskulen i Austefjorden</b>
OS 23/17	<b>Høyringssvar - Retningslinje for bistand frå kommunalt personell for personar med spesielle oppfølgingsbehov ved innlegging i Helse Møre og Romsdal HF</b>
OS 24/17	<b>Samordna bolig-, areal- og transportplan Ålesundsregionen</b>
OS 25/17	<b>Endringar i lokal struktur - Møre og Romsdal politidistrikt</b>

**PS 14/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 15/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2016/1881
		Arkivkode:	2016009

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
16/17	Formannskapet	31.01.2017

### **PLANID 2016009. SØKNAD OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID, GBR.18/1**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 18, bnr. 1.

#### **Vedlegg:**

1. Søknad frå Skylstad Arkitektur AS, datert 11.1.2017. Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid.
2. Referat frå oppstartsmøte 11.11.2016.

#### **Saksopplysningar:**

Skylstad Arkitektur AS har på vegne av LINI as ved Knut Engeset søkt om oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 18, bnr. 1.

Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen 11.11.2016 på Volda rådhus.

#### Lokalisering av området

Området ligg i Kapteinsvegen.




Lokalisering av området



Nærare lokalisering i Kapteinsvegen

### Planstatus


Eigedommen er i gjeldande reguleringsplan (reguleringsplan for K13 mm. Engeset – Klepp, godkjent 29.6.1989, planid 1989004), lagt ut til frittliggjande småhusbebyggelse. Maksimal utnyttingsgrad er 20 % av netto tomteareal.



Reguleringsplan for K13 mm. Engeset-Klepp

### Området i dag

Gnr. 18, bnr. 1 er 1286,2 m<sup>2</sup>, og innehar i dag ein låve og eit stabbur. Stabburet står delvis inne på gnr. 18, bnr. 290.



Låve

Stabbur



Låven og stabburet på gnr. 18, bnr. 1


Eigdommen er vendt mot sør. Tomta har ein høgdeskilnad på 8-9 meter.

### Mål for planarbeidet

Tiltakshavar bur på naboeigdommen, gnr. 18, bnr. 290. Han ser seg ikkje i stand til å vedlikehalde låa og den store hagen lenger, og ønskjer difor å leggje til rette for tettare/konsentrert utnytting på gnr. 18, bnr. 1. Løa skal etter planen rivast (grindkonstruksjon), og vil bli flytta og oppattbygd på gardstun ein annan stad i kommunen.


### Skildring av prosjektet

Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for oppføring av eitt terrassehus i 3 etasjer på gnr. 18, bnr. 1. I søknaden er det vist terrassehus med 4 leiligheter med storleik 106-160 m<sup>2</sup>.



Snitt som viser terrassehuset med 3 etasjer

Skylstad Arkitektur AS viser til område K14 i gjeldande reguleringsplan, der bygd areal er på inntil 35 % av netto tomt. Tiltakshavar ønskjer å leggje til rette for BYA lik 35 %, og at det kan byggast leiligheiter med inntil 3. etasjer på gnr. 18, bnr. 1.



Perspektiv frå sørvest



Perspektiv frå aust


Plan 1 (på nivå med Kapteinvegen) inneheld ei leiligheit og dobbelgarasje.

Plan -1 inneheld ei leiligheit og parkeringskjellar for 6 bilar.

Plan -2 inneheld to mindre leiligheiter.

Tiltakshavar ønskjer å plassere terrassehuset 4 m frå nabogrensa mot vest, for å få til nærleikeplassar mot aust. På plan 1 er det vist nærleikeplass på inngangsplan oppå parkeringskjellaren. Elles er det vist nærleikeplassar utanfor leilegheitene på nivå -1 og -2.

Tilkomst til tomta skal skje frå Kapteinsvegen, som i dag. Tiltakshavar skildrar vegen som lite trafikkert (22 eigedommar soknar i dag til vegen). Ved eventuell oppføring av 4 nye leilegheiter og 2 bilar pr. eining, vil tiltaket generere ny trafikk frå 8 nye bilar i gata.



Skisse som viser plan for 1. etasje, tilkomst og plassering av leikeområde

### Vurdering:

Skisserte prosjekt er ikkje i samsvar med reguleringsplanen for området, og kommunen har sett fram krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Tiltakshavar viser til område K14 (gnr.18, bnr. 333), som er lagt ut til konsentrert bustadbygging i reguleringsplan for K13 m.m. Engeset-Klepp. Utnyttingsgrad er sett til 35 % av netto tomteareal. På tomta er det oppført to firemannsbustader med til saman 8 husvære. Bygningane ligg relativt lågt i terrenget.

Gnr. 18, bnr. 1 er i same plan (K13 m.m. Engeset-Klepp) lagt ut til frittstående bustader, med utnyttingsgrad 20 % av netto tomteareal. Dei to områda har ulike utgangspunkt, og kan etter kommunen si vurdering ikkje samanliknast på ein god måte.

Etter kommunen vil vurdering vil skisserte terrassehus med si breidde og utforming kunne framstå som sterkt avvikande frå etablert busetnad i området. Sett i høve til dagens situasjon, med det høge løe-bygget, vil truleg ikkje skisserte tiltak verke spesielt ruvande.

Skisserte terrassehus synest godt tilpassa terrenget. Tomta er også relativt stor sett i høve til andre tomter i området. Dette gir rom for også tilrettelegging av leikeareal på austsida i tillegg til at terrassering gir grunnlag for store sørvende terrasser.

Tilkomst til tomta skal skje via dagens avkøyrsløse frå Kapteinsvegen. Skisserte prosjekt vil medføre noko auka trafikk i Kapteinsvegen, noko som kan verke uheldig på bustadmiljøet i gata. Dette er den siste ubebygde tomte i gata, og samla trafikkbilene vil ikkje verte vesentleg endra sett i høve til intensjonen i gjeldande plan, der det er lagt til rette for frittliggjande bustad med rom for to husvære.

**Barn og unge**

Barn og unge sine interesser skal vurderast og ein skal kunne dokumentere at planlagde tiltak sikrar barn og unge tilstrekkeleg uteopphaldsareal.

**Planprogram og KU**

Tiltaket er vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram, jf. § 4 i forskrifta.

**Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)**

Som del av planarbeidet skal det utarbeidast ROS-analyse. Fylkesmannen sitt ROS-skjema kan nyttast.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid for gnr. 18, bnr. 1. Gjennom reguleringsplanprosessen vil ein få nærare utgreidd, og avklara tilhøve til naboar, trafikk og barn og unge på ein god måte.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

- Skylstad Arkitektur AS, Nordre gate 8, 7011 Trondheim



Volda kommune  
Formannskapet

Trondheim 11.01 2017

Dykkar ref.: Berit Sandvik Skeide

Vår ref.: Svein Skylstad

Kopi: Lini as, v/ Knut Engeset, Kapteinsvegen 12, 6102 VOLDA

## **SØKNAD OM OPPSTART REGULERINGSPLANARBEID.**

GNR. 18 BNR. 1 VOLDA KOMMUNE

På veggen av LINI as v/ Knut Engeset søker vi formannskapet om oppstart reguleringsplanarbeid på eigedomen.

### **Oppstartsmøte**

Dette blei avhalde i Volda 11.11 2016. referatet fylgjer som vedlegg. Her blei det klart at kommunen stiller som krav at ein utarbeider ein detaljreguleringsplan.

### **Området i dag**

Eigedomen er 1286,2 m<sup>2</sup> og inneheld i dag ei låvebygning og eit stabbur som også delvis står på nabotomta gnr.18 bnr. 290 ( Kapteinsvegen 12). Eigedomen er syd vendt skråning frå Kapteinsvegen på cote 92-93 ned til cote 84-85.dvs ein høgdeskilnad på 8-9m.



*Illustrasjon av eksisterande løe og stabbur*

Knut Engeset bur i dag på naboeigedomen Kapteinsvegen 12, og ser seg ikkje lengre i stand til å vedlikehalde løa og den store hagen han har i dag. Han ynskjer derfor å få godkjent tomta for konsentrert bustadbygging istaden for einebustad. Han ynskjer å legge reguleringsmessig til rette for leilegheiter for aldersgruppa 60+ på tomta. Han ynskjer å få etablert 4 leilegheiter a 140-160m<sup>2</sup> på tomta.

## Planstatus

Gjeldande reguleringsplan er "Reguleringsplan for Engeset og Klepp" stadfesta av Fylkesmannen 29.06 1984, sist endra i K-Sak 157/97, den 20.11.97. Tomta er her regulert til frittstående bustader, med grunnflate maksimalt 20% av netto tomteareal.



Gjeldande plankart

Eigedomen er vist i nord austre hjørnet av gjeldande plan.



I gjeldande plan følger ikkje planavgrensinga eigedomsgrensene mellom Kapteinsvegen 10 og 12. Vi foreslår derfor same avgrensing i vår detaljreguleringsplan, slik at ein ikkje får overlappende planavgrensingar.

Gjeldande plan har ei byggelinje 10m frå regulert vegmidte, og opnar for ein minsteavstand for garasjar på 2,5m frå veg ved parallell utkøyring og 5m frå veg ved vinkelrett utkøyring der terrenget gjer dette naudsynt. ( Reguleringsføresegner § 4d ). Avstanden på 10m frå vegmidte er 5m mindre enn det §29 i veglova krev ( 15m). Vi ynskjer å oppretthalde 10m byggelinje som i gjeldande plan, samt minstekravet på 2,5m

og 5m for garasjar. Dette er viktige føresetnader for det vidare reguleringsarbeidet vi ynskjer å få avklart så tidleg i prosessen som mogeleg.


Vi ynskjer at eigedomen kan regulerast om til konsentrert bustadbygning i tråd med krava for område K14 i gjeldande plan. dvs. at bygningane kan ha bygd areal på inntil 35% av netto tomt. BYA = 35%, og at den kan byggast med inntil 3 etasjar.

## Tenkt bygningsmasse


Vi har sett på konsekvensar av utbyggingsvolum for vårt terrassehus i 3 etasjar, samanlikna med ein typisk einebustad i gjeldande plan. Nedanfor ser vi på oppriss langs Kapteinsvegen sett sørover mot Volda sentrum og utsikta. Ein ser eksisterande løetak midt på med møne på cote 96,75. Stabburet til venstre for det og Kapteinsvegen 12 med møne på cote 98,69



Eksisterande løevolum mot Kapteinsvegen.



1. Einebustad med langsgående saltak i tråd med gjeldande regulering antatt møne vist kote 97,85



2. Ønska utbygging med terrassehus med gesims kote 95.800 avrunda til kote 96,0. ( eksist. løemøne kote 95,710 ).


## Regulert eienbustad med saltak og garasje ( gjeldande regulering)



Samansett panoramabilde frå nabooveranda mot Volda sentrum



Volumstudie einebustad med saltak sett frå nabooveranda. Omriss eksisterande l a i midten




Fra s rvest Enebolig

Fjernperspektiv som viser volum i h ve nabobelag. Tomt vist med fiktiv inngjerding.


### Tradisjonelt terrassehus ( ynskja regulering)




Samansett panoramabilde frå nabooveranda mot Volda sentrum




Volumstudie 3.etg terrassehus sett frå nabooveranda i Kapteinsvegen. Omriss eksisterande løa i midten. Garasje vist med hjørne 2,5m frå regulert veg i tråd med gjeldande reguleringsvedtekter.



Fjernperspektiv som viser volum i høve nabolag. Tomt vist med fiktiv inngjerding



Persp.frå aust Alt.8



Perspektiv frå vest

### **Terrassehus i 3 etasjar**

Primært ynskjer ein å få regulert eit tradisjonelt terrassehus over 3 plan. 1 plan på gatenivå i Kapteinsvegen og 2 plan innpassa i terrenget.

Plan 1 : 1 leilegheit + dobbeltgarasje

Plan -1 : 1 leilegheit + P-kjeller for 6 bilar.

Plan -2 : 2 mindre leilegheiter på plan -2 .

### **Byggehøgder**


Vi ynskjer å kunne bygge opptil cote 96.000. Vi har illustrert fylgjande cotehøgder på bebyggelsen :

Gesims : cote 95,800 avrunda til c.96.000

Plan 1 : cote 92,400 ( Kapteinsvegen cote 92-93 langs tomta )

Plan -1 : cote 89,400

Plan-2 : 86,400



Tradisjonelt terrassehus i 3 etasjer med 4m overlappende terrasser

### Trafikktilhøve


Tilkomst til planområdet skjer frå Kapteinsvegen som i dag. Ein lite trafikkert veg for 22 eigedomar. 12 på nordsida og 10 på sørsida av vegen.

Med 4 nye leiligheiter og 2 bilar pr. leiligheit vil tiltaket generere trafikk frå 8 nye bilar i gata. Vi tenkjer å nytte omlag same avkøyring som i dag, der 2 av bilane køyrer inn i ei dobbelgarasje på plan 1 og 6 stk parkerer i parkeringskjeller på plan -1. Vi ser ikkje at dette skulle påføre Kapteinsvegen nokon trafikk den ikkje er dimensjonert for i dag.

Om kvar eigedom har 2 bilar, aukar bebuarbelastninga på vegen frå 42 til 50 bilar, noko som ikkje er dramatisk når det ikkje er blindgate. Det viktigast trafikktryggleikspunktet må vere å få bort gateparkering, slik at ein ikkje har bilar som står parkert og innsnevrar gatebreidda. Ein kan eventuelt også stenge gata for gjennomgangstrafikk


Tilkomstvegen med stigning frå 89,4m i p-kjellaren til 93m i krysset Kapteinsvegen.

### Barn- og unge sine interesser ( areal til nærleikeplass )




Eksisterande leikeareal aust og vest for eksisterande løe.Flott utsikt og fin akebakke






Ved å legge bygninga 4m frå nabogrense mot vest kan ein få til gode nærleikeplassar mot hagesida mot aust. På plan 1 får ein nærleikeplass på inngangsplan oppå p-kjellertaket. Fotavtrykk  $448\text{m}^2 / 1373\text{m}^2 = 32,6\%$  utan stabbur og  $34,7\%$  medtatt  $28\text{m}^2$  av  $35\text{m}^2$  stabbur innanfor tomtegrense, samt tillagt areal mot aust innanfor reguleringsgrensa og eksisterande tomtegrense.


## Planskisser tenkt utbygging



Plan 1.etasje



Plan -1 inkludert p-kjeller 6 biler



Plan -2 2 stk mindre leilegheiter

SKYLSTAD ARKITEKTUR AS

Svein Skylstad

Vedlegg : Referat oppstartsmøte

## MØTEREFERAT – OPPSTARTSMØTE GNR.18, BNR. 1

Referent:	Berit Sandvik Skeide
Møteleiar:	Berit Sandvik Skeide
Møtetid-/stad:	kl. 10.30 – 11.45, 11.11.2016. Møterom 385, Volda rådhus
Deltakarar:	Knut Engeset (tiltakshavar/grunneigar) <a href="mailto:knut.engeset@glommapapp.no">knut.engeset@glommapapp.no</a> Svein Skylstad (konsulent/arkitekt) <a href="mailto:arkitekt@sveinskylstad.no">arkitekt@sveinskylstad.no</a> Heidi Istad (planleggar) <a href="mailto:heidi.istad@volda.kommune.no">heidi.istad@volda.kommune.no</a> Berit Sandvik Skeide (planleggar) <a href="mailto:berit.sandvik.skeide@volda.kommune.no">berit.sandvik.skeide@volda.kommune.no</a>
Tema:	Oppstartsmøte – detaljreguleringsplan for gnr. 18, bnr. 1 i Volda

### 1. Området i dag

Tiltakshavar Knut Engeset innleia møtet med å sei litt om situasjonen på eigedommen i dag. Det står ei gammal løe, som har behov for vedlikehald. Tiltakshavar ser seg ikkje syn med å investere i løa, og ønskjer no å legge til rette for leiligheiter på tomta. Leiligheitene er i utgangspunktet tiltenkt aldersgruppa 60+. Løa skal rivast, medan stabburet vert ståande. Det vart vist til at Engeset tidlegare har hatt møte med Per Heltne og Jørgen Vestgarden i kommunen.

### 2. Skisseforslag

Arkitekt Svein Skylstad har utarbeidd skisse for mogleg framtidig utnytting av tomta. Skisserte prosjekt legg til rette for 4 leiligheiter med grunnflate på om lag 140 m<sup>2</sup>. Prosjektet har ei utnyttingsgrad på ca. 36 % slik det ligg føre. Avkøyrsløe er tenkt plassert om lag som i dag. Bygningen skal ha flatt tak, for at den ikkje skal vere ruvande og ta utsikt frå bakanforliggjande bebyggelse.

### 3. Planstatus

Kommunen informerte kort om planstatus i området. Området er i gjeldande plan (planid 1989004. K13 m.m. Engeset – Klepp) lagt ut til frittliggjande småhusbebyggelse. Maksimal utnyttingsgrad er 20 % av netto tomteareal.

Ønskte endring er av ein slik karakter, at kommunen stiller krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan. Tiltakshavar vart oppmoda om å levere inn søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid. Søknaden vert lagt fram for formannskapet for godkjenning.

I søknaden må det gjerast greie for følgjande:

- Korleis ein vil ivareta barn og unge sine interesser (areal til nærleikeplass). Kommunen har ikkje konkrete krav i høve til størrelse på leikeareal, men oppmoda tiltakshavar til å ha fokus på område for småbarnsleik.
- Omfang av prosjektet (tal bueiningar, tal parkeringsplassar, uteareal, utnytting av tomta mm).
- Byggjehøgde.
- Snitt og illustrasjonar som viser konsekvensen av oppføring av leiligheitsbygg på tomta.
- Trafikkforhold i høve til Kapteinsvegen med auka trafikk.

### 4. Spørsmål

Kommunen stilte spørsmål ved om det er rom for ei redusert utbygging. Tiltakshavar gav klart uttrykk for at det i utgangspunktet ikkje er aktuelt. Engeset vil legge til rette for leiligheiter retta mot ei vaksen aldersgruppe, som ikkje ønskjer hage.

Kommunen stilte spørsmål ved om det er aktuelt med felles plan og byggesak. Konsulent bekrefta at det kan vere aktuelt. Dette lyt ein kome attende til.

Konsulent stilte spørsmål ved om kommunen har krav i høve til geoteknisk vurdering av området. Volda kommune stiller ikkje særskilde krav knytt til geoteknikk.

**5. Konklusjon:**

Tiltakshavar/konsulent vart oppmoda til å vurdere innspela frå kommunen. Deretter vert det å sende inn søknad til formannskapet om oppstart av reguleringsplanarbeid.

11.11.2016. Berit Sandvik Skeide



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2017/163
		Arkivkode:	231

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
17/17	Formannskapet	31.01.2017
	Kommunestyret	02.03.2017

### VURDERING AV SYSKENMODERASJON MELLOM BARNEHAGE OG SKULEFRITIDSORDNING

#### Administrasjonen si tilråding:

*I komande økonomiplanperiode vert det ikkje innført syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.*

#### Uprenta saksvedlegg:

Barnehagelova m forskrifter  
Opplæringslova  
Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane

#### Samandrag av saka:

I form av verbalpunkt i handsaminga av budsjettet for 2017, gjorde kommunestyret følgjande vedtak den 15.12.2016:

*Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei vurdering av søskenrabatt mellom barnehage og SFO innan revidert budsjett skal vedtakast.*

#### Saksopplysningar/fakta:

Forskrift om foreldrebetaling i barnehage pålegg Volda kommune å tilby minimum 30 % syskenmoderasjon i foreldrebetalinga for barn nr to, og minimum 50 % for barn nr to, og minimum 50 % for barn nr tre og fleire. Føresetnaden er at borna bur fast saman.

I vedtektene for dei kommunale skulefritidsordningane, sist vedteke i driftsstyret 07.05.2014, heiter det:

*Det vert gitt same syskenrabatt som i barnehagane, som pr 01.08.2014 er 30 % for barn nr 2 og 50 % for barn nr 3. Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom SFO og barnehage.*

Familiar med fleire barn i barnehage eller skulefritidsordning får altså syskenmoderasjon, men familiar med eitt barn i barnehage og eitt barn i skulefritidsordning får ikkje slik moderasjon.

Sidan det er kommunen som finansierer begge tilboda, er det argument som talar for å finne ordningar med syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning. På den andre sida vil forbetra moderasjonsordningar gje kommunen reduserte inntekter.

Opplæringslova § 13-7 pålegg kommunen å ha eit tilbod om skulefritidsordning. I lova heiter det mellom anna:

*Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn*

*(.....)*

*Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.*

Lova gir med andre ord kommunen høve til å krevje eigenbetaling frå foreldra som dekker utgiftene med ordninga fullt ut.

Lova definerer ikkje kapasiteten eller tilgjengelegheita til tilbodet. For å setje det på spissen, ville lovkravet vore oppfylt om kommunen hadde berre ei skulefritidsordning i kommunen.

Volda kommune har valt å prioritere eit fleksibelt og desentralisert tilbod, med skulefritidsordning ved alle barneskulane i kommunen. Nokre av ordningane er små og kostnadskrevjande.

Storleiken på tilboda inneverande skuleår (tal henta frå GSI pr 01.10.16):

<b><i>Mork skule</i></b>	<b><i>26</i></b>	<b><i>av desse 9 med heil plass</i></b>
<b><i>Øyra skule</i></b>	<b><i>98</i></b>	<b><i>av desse 34 med heil plass</i></b>
<b><i>Bratteberg skule</i></b>	<b><i>51</i></b>	<b><i>av desse 21 med heil plass</i></b>
<b><i>Vikebygda skule</i></b>	<b><i>51</i></b>	<b><i>av desse 17 med heil plass</i></b>
<b><i>Austefjord skule</i></b>	<b><i>9</i></b>	<b><i>av desse 4 med heil plass</i></b>
<b><i>Folkestad skule</i></b>	<b><i>15</i></b>	<b><i>av desse 4 med heil plass</i></b>
<b><i>Dalsfjord skule</i></b>	<b><i>10</i></b>	<b><i>av desse 3 med heil plass</i></b>

Tal i KOSTRA viser at nettokostnaden pr elev er kr 8888,-. Det tyder at kvar elev i skulefritidsordning kostar kr 8888,- pr år etter at foreldrebetalinga er trekt i frå. Kommunen er med andre ord langt i frå å ”krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra” slik opplæringslova gir heimel til.

Kommunar det er naturleg å samanlikne Volda med har ein langt lågare nettokostnad pr elev:

	Netto driftsutg til SFO pr elev 2015
Volda	8888
Ørsta	-9
Herøy	1120



Ulstein	4004
Hareid	2275
Hornindal	5446

\*KOSTRA 2015

Med verknad frå 01.08.2017 er foreldrebetalinga auka med 15 %. Dette er eit tiltak for å nå målet om å redusere nettokostnaden pr elev i skulefritidsordningane. Innføring av ei forbetra ordning med syskenmoderasjon vil svekke verknaden av dette tiltaket.

Administrasjonen har sett på alternative ordningar som truleg vil gje inga eller lite endring i kommunen sine inntekter. Det vil måtte vere ordningar der moderasjonane vert omfordelt med det som siktemål å gje ordninga ein betre sosial profil. Administrasjonen har sett på følgjande alternative ordning:

1. Noverande ordning med syskenmoderasjon i SFO går ut.
2. Ny ordning vert innført, der ein får 20 % moderasjon for barn nr to og fleire i SFO viss ein har sysken i barnehage eller SFO. Syskenmoderasjon i barnehage held fram som før sidan den er lovpålagt.

Administrasjonen har samanlikna noverande moderasjonsordning med ei alternativ ordning som skissert over:

***Noverande ordning(ikkje kopling mellom barnehage og SFO)***

	Barn i barnehage	Barn i SFO	Betaling i %			Sum
År 1	3	0	100	70	50	220
År 2	2	1	100	70	100	270
År 3	1	2	100	100	70	270
År 4	0	3	100	70	50	220
						<b>980</b>

***Forsøk med ny ordning(kopling mellom barnehage og SFO)***

	Barn i barnehage	Barn i SFO	Betaling i %			Sum
År 1	3	0	100	70	50	220
År 2	2	1	100	70	80	250
År 3	1	2	100	80	80	260
År 4	0	3	100	80	80	260
						<b>990</b>

Over ein periode på fire år er det lite som vil skilje noverande ordning og ei evt ny ordning som skissert over. Det same vil ein sjå med ein familie med to barn.

**Praksis i andre kommunar**

Av dei omliggande kommunane inkludert Hornindal, er det berre Hareid kommune som har ei ordning med syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Innføring av ei forbetra moderasjonsordning for foreldrebetaling, vil redusere inntektene til kommunen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

**Vurdering og konklusjon:**

Det er gode argument som talar for innføring av ordning med syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning. Samstundes er det slik at ei forbetra ordning vil gje kommunen mindre inntekter.

Forsøk på alternative ordningar der moderasjonen vert omfordelt vil over tid gje barnefamiliar lite lette i foreldrebetalinga.

Innføring av ei ordning med syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning vil føre til ein auke i kommunen sine administrative oppgåver.

Volda kommune går inn i ein økonomiplanperiode som vert krevjande. For å legge ein plan for ein berekraftig økonomi for kommunen dei næraste åra, vart det utarbeidd eit prosessnotat økonomi, som skisserer strategiar/prosessar som skal legge føringar i økonomiplanperioden. Notatet vart handsama av kommunestyret i september 2016.

Ein av startegiane har følgjande ordlyd:

**Vurdere tiltak for å redusere nettoutgifter til skulefritidsordninga (SFO) for å nærme oss nivået til samanliknbare kommunar.**

Det er også lagt ein strategi for nedbemanning i kommunen som frå 2018 skal redusere lønskostnadene med kr 10 000 000,-

I lys av dette finn ikkje administrasjonen det forsvarleg å innføre forbetra moderasjonsordningar som gir kommunen reduserte inntekter og auka administrative oppgåver. Innafor dei rammene ein har i dag, har administrasjonen ikkje funne alternative moderasjonsordningar som koplur barnehage og SFO på ein god nok måte til at dei vert tilrådde.

Etter ei samla vurdering rår administrasjonen til at det ikkje vert gjort endringar i dei moderasjonsordningane kommunen har i dag.

Rune Sjugard  
Rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Opplæring og oppvekst

**Klageinstans:**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Arne Gotteberg	Arkivsak nr.:	2016/2114
		Arkivkode:	233

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Formannskapet	31.01.2017

### **VIDAREFØRING AV AVTALAR MELLOM FYLKESKOMUNEN OG KOMMUNANE OM GOD HELSE PARTNARSKAPET FOR 2017-2019**

#### **Administrasjonen si tilråding**

1. Volda kommune vidarefører samarbeidsavtalen om folkehelse og folkehelse-satsing (God Helse partneravtalen) med Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2017 – 2019
2. Det vert lagt fram eiga sak om folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune til politisk behandling i løpet av våren 2017

#### **Vedleggsliste:**

Tilsagnsbrev frå Møre og Romsdal fylkeskommune datert 16.12.2016  
God Helse Partnerskapsavtale

#### **Uprenta saksvedlegg:**

Kommuneplanen for Volda (2016 -2028) – Samfunnsdelen  
Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) (01.01.2012)

#### **Samandrag av saka:**

Volda kommune, har – til likes med alle kommunane i Møre og Romsdal – fått tilbod om vidareføring av samarbeidsavtalen om folkehelse og folkehelse-satsing (God helse partneravtalen) med Møre og Romsdal fylke for perioden 2017 -2019 med svarfrist 15.02.2017.

Innhaldet i partneravtalen og den økonomiske løyving som følgjer denne som lønstilskot til deltidsstillinga som folkehelsekoordinator , har – slik det går fram av saksutgreiinga - vist seg

å vere svært viktig for folkehelsearbeidet hos oss. Rådmannen tilrår vidareføring av tidlegare avtale for 2017-2019.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Som ein langsiktig satsing på å bygge opp folkehelsearbeidet i Norge har Stortinget i fleire år løyvd stimuleringsmidlar, som fylka har forvalta og delt ut midlar av til kommunane gjennom God Helse partnerskapsavtalar. Oppbygginga har vore ein av forløparane til Folkehelseloven som kom 01.01.2012. I partnerskapsavtalen er nøye skildra kva satsinga i kommunane skal omfatte og kva midlane skal brukast til (formål og strategiar) Mellom anna er eit uttrykkeleg vilkår at det skal tilsettast folkehelsekoordinator i minimum 50% stilling.

Volda kommune er ei pilotkommune på folkehelsearbeid i Norge. Vi var ein av dei to første kommunane her i fylket som fekk folkehelsemidlar gjennom partnerskapsavtalen (kr. 125 000/år) og vi har sidan 2004 hatt stilling som folkehelsekoordinator i 60% stilling.

Ansvar for folkehelsearbeidet ligg i Folkehelseloven (2012) på alle sektorar, både innanfor og utanfor den kommunale organisasjon. Av største verdi er aktivitet utanfor den kommunale organisasjonen, som til dømes i andre samfunnssektorar og i organisasjonar og lag.

Difor må folkehelsearbeidet gå føre seg på mange måtar og på mange aksar. Noko av dette går fram av den vedlagte "Oversikt over folkehelseprosjekt 2015-2018", utarbeidd av folkehelsekoordinator.

Folkehelseevalueringar (også her i vår eiga kommune – utført av Møreforsking) viser at utan godt kommunalt engasjement samt ein "primus motor"/pådrivar og god koordinator for dette arbeidet, vil det på langt nær gi same gode resultat. Folkehelsekoordinator gjer eit overlag stort og viktig arbeid for Volda kommune og innbyggjarane.

Rådmannen vil i tillegg spesielt peike på omfattande arbeidet med "Kartlegging av folkehelsestanden og påverknadsfaktorar". Dessutan at vi her i Volda har lagt mykje flid i å få folkehelseomsyn inn i dei kommunale planar på eit tidleg tidspunkt. Vi var tidleg med i satsinga "Helse i Plan". God samhandling, spesielt mellom folkehelsekoordinator (som premissleverandør) og kommuneplanleggarar, gjer at helse- og helsefremjande omsyn blir lagt vekt på i kommunal planlegging i Volda.

Denne samhandlingsplanen, over lang tid, har til dømes ført til at Volda i "Kommuneplan (2016 - 2028) – Samfunnsdelen" kan seiast å vere eit føredøme på folkehelseomsyn i kommuneplanarbeidet. I kapittel 4 Mål og strategiar har kommunestyret til dømes sagt at "Folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp" (punkt 4.2) Dette er god merkevarebygging for kommunen.

Disse og andre sider av folkehelse- og frisklivsarbeidet vil bli utgreidd i eiga sak til politisk behandling i løpet av våren. Volda kommune har kritisk fokus på prioritering og ressursbruk, noko som inneber at vi må vurdere kva stillingar vi skal prioritere i åra framover. Kommunestyret har vedteke ein nedbemanningsstrategi på 10 mill innan 2020. Ved framhald av folkehelsekoordinatorressursen vil ein sjå særleg på korleis vi kan organisere innsatsen for å fremje folkehelse-/førebyggjande innsats retta mot særlege målgrupper med sikte på klar effekt.

Det har også vore vurdert om Volda kan samarbeide med andre kommunar om folkehelsekoordinator. Dette kunne vore aktuelt, men med dei tankane ein ser for seg med

meir samordna og spissa satsing, vil dette verte ein modell tilpassa Volda sine behov og utfordringar.

I denne omgang handlar det kun om å stadfeste at Volda kommune vil vidareføre folkehelsearbeidet i tråd med partnerskapsavtalen med Møre og Romsdal Fylke, ved å signere denne.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Dette er hovudinnhaldet i saka og er utgreidd ovanfor

**Økonomiske konsekvensar:**

60% stilling som folkehelsekoordinator er innarbeidd i budsjettet. Det vil få økonomiske konsekvensar dersom parteravtalen ikkje blir signert og eit lønstilskot på kr 125 000 fell bort. I praksis vil det innebere at funksjonen som folkehelsekoordinator vil opphøyre.

**Vurdering og konklusjon:**

Partnaravtalen mellom kommunen og Møre og Romsdal Fylkeskommune og den økonomiske løyving som følgjer denne som lønstilskot til deltidsstillinga som folkehelsekoordinator har vist seg å vere svært viktig for folkehelsearbeidet i kommunen. Rådmannen tilrår vidareføring av tidlegare avtale for 2017-2019

Rune Sjurgard  
Rådmann

Arne Gotteberg  
Kommuneoverlege/fagsjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Møre og Romsdal Fylkeskommune  
Postboks 2500, 6404 Molde  
Helse- og omsorgssjefen  
Kommuneoverlegen  
Økonomiavdelinga



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		126911/2016	Hilde Hernes Hovland, 71 28 03 01	16.12.2016

## **Vidareføring av avtalar med kommunane i God Helse partnerskapet for 2017 - 2019**

Alle kommunane i Møre og Romsdal har teikna partneravtale med fylkeskommunen om folkehelsearbeid. Partnerskapet har namnet God Helse, der innhaldet i samarbeidet er felt ned i avtale for perioden 2013-2016.

Kultur- og folkehelseutvalet gjorde i sak KF-46/16, følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr kommunane å forlenge gjeldande partneravtale om folkehelsearbeid fram til 31. desember 2019.*
- 2. God Helse-partnerskapet og gjeldande partneravtale skal evaluerast i 2018.*
- 3. Evalueringa og tilråding om vegen vidare for God helse-partnerskapet skal leggast fram for kultur- og folkehelseutvalet våren 2019.*

Saksframlegget til saka kan ein lese på [www.mrfylke.no/moeteplan](http://www.mrfylke.no/moeteplan) under KF-møte 14. november 2016.

Avtalen blir forlenga slik den føreligg, der bykommunane Kristainsund, Molde og Ålesund, får eit årleg tilskot på 150 000 kroner. Øvrige kommunar får 125 000 kroner.

Vi ber om ei stadfesting ved underskrift av ordførar, rådmann, eller politisk vedtak frå kvar kommune om at dei ønsker å forlenge sin avtale. Stadfestinga vil ligge til grunn for tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune i perioden 2017-2019.

**Vi ber kommunane gi tilbakemelding innan 15. februar 2017**

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef

Hilde Hernes Hovland  
kontorsjef

# Partnerskapsavtale

Mellom *Møre og Romsdal fylkeskommune* og *Volda kommune* for gjennomføring av God Helse programmet for perioden 2013-2016.

## 1. Forankring

Fylkestinget vedtok i 2003 å ta ei koordinerende rolle for bygging av partnerskap om folkehelse. Folkehelsearbeidet skal gjennomførast i tråd med Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseoven) og skal vere heilskapleg og langsiktig. I planperioden 2013-2016 vil det bli utarbeidd eigen regional delplan for Folkehelse.

## 2. Formål

Formålet med God Helse programmet er å bidra til eit folkehelsearbeid som fremmer befolkninga si helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold og som førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse.

Resultatmåla er å:

- Fremme ei heilskapleg tenking der helsefremmande strategiar er med i all planlegging.
- Bygge ein infrastruktur på fylkes- og kommune nivå som koordinerer det førebyggjande og helsefremmande arbeidet.
- Etablere gode arenaer for samarbeid på tvers av sektorar, nivå og profesjonar
- Utvikle praktiske metodar for arbeidet i samarbeid med lokalmiljøa, institusjonar, organisasjonar og andre aktørar.
- Bygge opp kunnskap.
- Dokumentere effekten av innsatsen.
- Oppretthalde folkehelsearbeidet som er skissert i eksisterande samarbeidsavtalar mellom den offentlege tannhelsetenesta og helsestasjonstenesta/pleie- og omsorgstenesta i kommunane.

## 3. Strategiar

- Bygge alliansar for folkehelse gjennom etablering av partnerskap og forpliktande avtaler.
- Legge langsiktige strategiar for innsatsområda fysisk aktivitet, tobakk, rus, psykisk helse, kosthald og utjamning av sosiale forskjellar i helse.
- Utarbeide lokale handlingsplanar med fastsetting av tiltak – ansvar og tid for gjennomføring.

## 4. Plikter

Møre og Romsdal fylkeskommune har forpliktet seg gjennom vedtak i fylkestinget til å ta eit koordinerende ansvar for God Helse programmet i fylket. Gjennomføringa av partnerskapet sitt arbeid er basert på likeverd mellom partnarane.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine plikter:

- Bruk av alle fylkeskommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det fylkeskommunale planarbeidet.
- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for regional og kommunal planlegging.
- Hovudansvar for koordinering og drift av partnerskapet.
- Koordinere og gjennomføre samlingar og kurs i samarbeid med kommunane.
- Sekretariatfunksjon for God Helse programmet med personell og kontorressursar.
- Ansvar for eigne økonomiske tilskot til partnerskapet.

Kommunen sine plikter:

- Bruk av alle kommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det kommunale planarbeidet.
- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for lokal planlegging.
- Tilsette folkehelsekoordinator i minimum 50 % stilling. Koordinatoren bør ha ei sentral plassering i organisasjonen, då folkehelsearbeidet omfattar heile kommunen si verksemd.
- Ansvar for initiering og planlegging av lokale prosjekt, inklusive aktiv medverknad i gjennomføring av desse.
- Ansvar for kommunen sin eigenfinansiering av folkehelsearbeidet.
- Innsats av lokalt personell og kontorressursar.

## **5. Økonomi**

Partnerskapsavtalen utløyser tilskot til kommunen, dersom krava over er tilfredsstilt. Tilskot blir gitt som rammetilskot til folkehelsekoordinatorstillinga. Kommunane må også sjølv sette av midlar til folkehelsearbeidet.

## **6. Partnerskapsforum**

Partnerskapsforum består av fylkesordførar, leiar i kultur- og folkehelseutvalet og ordførar frå kvar av kommunane som er med i partnerskapet. Partnerskapsforum har møte minimum ein gong i året. Forumet godkjenner statusrapport for God Helse partnerskapet frå førre år, og tar opp aktuelle problemstillingar knytt til å løyse folkehelseoppgåvene i fylket. Forumet vel eit arbeidsutval der fylkesordførar skal vere ein av medlemene, med ansvar for å førebu neste møte i partnerskapsforum.

## **7. Oppseiing og avvikling**

Avtalen gjeld frå dato for underteikning.

Avtalen kan seiast opp etter skriftleg varsel frå ein av partane med 6 månaders varsel. Ved oppseiing vert tildelte midlar tilbakebetalt, for tildelte midlar gitt for tidsperioden etter oppseiinga.




### **8. Reforhandlingar**

Partane er innforståtte med at lovendingar eller endra driftsforutsetningar kan føre til at avtalen kan reforhandlast.

### **9. Tvist**

Ved tvist i samband med avtalen skal dette primært løysast ved forhandlingar.  
Ved andre høve gjeld lov av 14. Mai 2004 om voldgift.



---

Jon Aasen, fylkesordførar

---

Volda kommune

# Partnerskapsavtale

Mellom *Møre og Romsdal fylkeskommune* og *Volda kommune* for gjennomføring av God Helse programmet for perioden 2013-2016.

## 1. Forankring

Fylkestinget vedtok i 2003 å ta ei koordinerende rolle for bygging av partnerskap om folkehelse. Folkehelsearbeidet skal gjennomførast i tråd med Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) og skal vere heilskapleg og langsiktig. I planperioden 2013-2016 vil det bli utarbeidd eigen regional delplan for Folkehelse.

## 2. Formål

Formålet med God Helse programmet er å bidra til eit folkehelsearbeid som fremmer befolkninga si helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold og som førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, bidra til utjamning av sosiale helseforskjellar og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa.

Resultatmåla er å:

- Fremme ei heilskapleg tenking der helsefremmande strategiar er med i all planlegging.
- Bygge ein infrastruktur på fylkes- og kommune nivå som koordinerer det førebyggjande og helsefremmande arbeidet.
- Etablere gode arenaer for samarbeid på tvers av sektorar, nivå og profesjonar
- Utvikle praktiske metodar for arbeidet i samarbeid med lokalmiljøa, institusjonar, organisasjonar og andre aktørar.
- Bygge opp kunnskap.
- Dokumentere effekten av innsatsen.
- Oppretthalde folkehelsearbeidet som er skissert i eksisterande samarbeidsavtalar mellom den offentlege tannhelsetenesta og helsestasjonstenesta/pleie- og omsorgstenesta i kommunane.

## 3. Strategiar

- Bygge alliansar for folkehelse gjennom etablering av partnerskap og forpliktande avtaler.
- Legge langsiktige strategiar for innsatsområda fysisk aktivitet, tobakk, rus, psykisk helse, kosthald og utjamning av sosiale forskjellar i helse.
- Utarbeide lokale handlingsplanar med fastsetting av tiltak – ansvar og tid for gjennomføring.

## 4. Plikter

Møre og Romsdal fylkeskommune har forplikta seg gjennom vedtak i fylkestinget til å ta eit koordinerende ansvar for God Helse programmet i fylket. Gjennomføringa av partnerskapet sitt arbeid er basert på likeverd mellom partnarane.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine plikter:

- Bruk av alle fylkeskommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det fylkeskommunale planarbeidet.
- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for regional og kommunal planlegging.
- Hovudansvar for koordinering og drift av partnerskapet.
- Koordinere og gjennomføre samlingar og kurs i samarbeid med kommunane.
- Sekretariatfunksjon for God Helse programmet med personell og kontorressursar.
- Ansvar for eigne økonomiske tilskot til partnerskapet.

Kommunen sine plikter:

- Bruk av alle kommunale sektorar i folkehelsearbeidet.
- Fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet – med forankring i det kommunale planarbeidet.
- Utarbeide ein oversikt over helsetilstanden og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på den. Oversikta skal danne grunnlag for lokal planlegging.
- Tilsette folkehelsekoordinator i minimum 50 % stilling. Koordinatoren bør ha ei sentral plassering i organisasjonen, då folkehelsearbeidet omfattar heile kommunen si verksemd.
- Ansvar for initiering og planlegging av lokale prosjekt, inklusive aktiv medverknad i gjennomføring av desse.
- Ansvar for kommunen sin eigenfinansiering av folkehelsearbeidet.
- Innsats av lokalt personell og kontorressursar.

## **5. Økonomi**

Partnerskapsavtalen utløyser tilskot til kommunen, dersom krava over er tilfredsstillt.

Tilskot blir gitt som rammetilskot til folkehelsekoordinatorstillinga. Kommunane må også sjølv sette av midlar til folkehelsearbeidet.

## **6. Partnerskapsforum**

Partnerskapsforum består av fylkesordførar, leiar i kultur- og folkehelseutvalet og ordførar frå kvar av kommunane som er med i partnerskapet. Partnerskapsforum har møte minimum ein gong i året. Forumet godkjenner statusrapport for God Helse partnerskapet frå førre år, og tar opp aktuelle problemstillingar knytt til å løyse folkehelseoppgåvene i fylket. Forumet vel eit arbeidsutval der fylkesordførar skal vere ein av medlemene, med ansvar for å førebu neste møte i partnerskapsforum.

## **7. Oppseiing og avvikling**

Avtalen gjeld frå dato for undertekning.

Avtalen kan seiast opp etter skriftleg varsel frå ein av partane med 6 månaders varsel.

Ved oppseiing vert tildelte midlar tilbakebetalt, for tildelte midlar gitt for tidsperioden etter oppseiinga.

## 8. Reforhandlingar

Partane er innforståtte med at lovendingar eller endra driftsforutsetningar kan føre til at avtalen kan reforhandlast.

## 9. Tvist

Ved tvist i samband med avtalen skal dette primært løysast ved forhandlingar.  
Ved andre høve gjeld lov av 14. Mai 2004 om voldgift.



---

Jon Aasen, fylkesordfører

---

Volda kommune

## Oversikt folkehelseprosjekt 2015-2018

Prosjekt Mål	Forankring/kopling til kommuneplanen	Økonomiske ramme (tilskot og kommunal eigeninnsats)	Tidsperiode	Organisering/ ansvar	Evaluering
<p><b>LUK-prosjektet "Folkehelse som attraktivitet"</b></p> <p>Kartlegge leikeplassar og aktivitetsområde i Volda kommune.</p> <p>Prosjektet legg særleg vekt på å auke attraktiviteten, trivselen og engasjementet i lokalmiljøet gjennom folkehelsearbeidet.</p> <p>Prosjekt mål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide for betre folkehelse i kommunen.</li> <li>• Lage ein samla oversikt over alle leike- og aktivitetsområda i kommunen, inkludert plassering, standard og framlegg til tiltak.</li> <li>• Prosjektet skal fungere som eit grunnlagsarbeid for revidering av kommuneplanen, der folkehelse er eit viktig satsingsområde.</li> </ul>	<p>Utvikling</p> <p>Kartlegginga skal gjennomførast i samarbeid med studentar frå institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag ved Høgskulen i Volda.</p> <p>I samband med rullering av kommuneplanen har kommunen starta opp arbeidet med ein rettleiar for leike- og aktivitetsområde. Som eit grunnlagsdokument både til kommuneplanen og til rettleiaren, ynskjer kommunen ein betre oversikt over dagens situasjon.</p>	<p>Totalt kr. 123 100.-</p> <p>Volda kommune, kr. 47 150.-</p> <p>HVO kr. 13 200.-</p> <p>Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune kr. 62 750.-</p>	<p>Haust 2015-haust 2016</p>	<p>Regine Solberg Aklestad</p>	<p>Kommunen var heldige og fekk ein student til å starte kartleggingsarbeidet sommaren 2015.</p> <p>Tidlegare gjennomført og avslutta enn planlagt (-kartlegging sommaren 2015 og rapport ferdig hausten 2015).</p> <p>Viktig dokumentasjon på status og grunnlag for vidare arbeid med leike- og aktivitetsområde i kommunen.</p>
<p><b>Nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse</b></p> <p>Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremje folkehelse/helsevenleg</p>	<p>Utvikling</p>	<p>Årleg kr.517 000 med 50/50-deling</p> <p>Tilskot frå fylkeskommunen, årleg</p>	<p>Hausten 2015-haust 2017</p> <p>2015: etablere prosjektgruppe og</p>	<p>Prosjektleder: planleggar Regine Solberg Aklestad</p>	<p>Møreforskning</p>

<p>stadsutvikling (Sunne kommuner)</p> <p>1. Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar</p> <p>2. Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna</p> <p>3. Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet</p> <p>4. Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar</p> <p>5. Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar si betydning for folkehelse</p>		<p>kr.258 500</p> <p>Kommunal eigeninnsats (timeressurs), årleg: kr. 258 500.-</p>	<p>arbeidsgruppe</p> <p>2016: sette i gang forprosjekt og fase 1: innhenting av kunnskap om korleis barn og unge ynskjer å medverke</p> <p>2017: fase 2: gjennomføring av ulike medverknadsprosessar. Det kan verte flytande overgangar frå førprosjekt til dei ulike fasane.</p> <p>Bygge på erfaringar og resultat frå LUK-prosjektet.</p>	<p>Planleggar Berit Sandvik Skeide er prosjektleiar når Regine har permisjon frå juni 2016-august 2017)</p>	
<p><b>Andaneset friluftslivsområde</b></p> <p>Sikring av grunn og tilrettelegging for ferdsel/aktivitet</p>	<p>Utvikling</p>	<p>Prosjektet er finansiert slik:</p> <p>Kommunal eigendel kr 314 850,-</p> <p>Tilskot frå Miljødirektoratet kr 314 850</p>	<p>Godkjenning av grunnavtale hausten 2016. Frådeling, oppmåling og overdraging av eigedommen våren 2017.</p> <p>Opparbeiding av tursti, etablering av informasjonsskilt</p>	<p>Prosjektleiar: Torgeir Stensø</p>	<p>Kommunen har utarbeidd søknad til Miljødirektoratet og motteke tilsagn om kostnadsdeling 50/50 Tilsagnet gjeld for ein tidsavgrensa periode. For å få nytta tilskotet må kommunen prioritere dette i det</p>

			2017/2018		årsbudsjettet dersom ein skal kome i mål.
<b>Merking, rydding og skilting av turstiar</b> Tilrettelegging friluftsliv	Utvikling	Finansiert slik: Det er avsett driftsfond til disposisjon for innkjøp av materiell	Dei siste åra er det gjennomført tiltak i Rotevassdalen, Rotsethornet, Ring; Gildrehammaren, Bratteberg, Dinglavatnet, Vardehornet m.m.  Tiltak ved Keipen/Straumshamn er planlagt hausten 2016	Samarbeid med Friluftsföreninga, grendalag m.fl  Prosjektleiar: Torgeir Stensø	Tiltaket stimulerer til fysisk aktivitet/ naturoppleving
<b>Lys langs turvegen mellom Årneset og Volda stadion</b> Tilrettelegging friluftsliv	Utvikling/teknisk	Prosjektet er finansiert slik:  Spelemidlar kr 165 000,- Kommunen kr 165 000,-	Gjennomført 2016	Prosjektleiar: Torgeir Stensø	Tiltaket har gjort det tryggare å ferdist gjennom området.  Anlegget ferdigstilt sommaren 2016
<b>Asfaltering av parkeringsplass og utbetring av grøntanlegg på Årneset</b> Tilrettelegging friluftsliv	Utvikling	Prosjektet er finansiert slik:  Friluftslivsmidlar Møre og Romsdal fylkeskommune/Miljødirektoratet kr 197 000,- Kommunen kr 197 000,-	Gjennomført sommaren 2016	Prosjektleiar: Torgeir Stensø	Anlegget ferdigstilt sommaren 2016

<p><b>Munken friluftslivsområde – bygging av badebrygge og grillplass</b></p> <p>Tilrettelegging friluftsliv</p>	<p>Utvikling/friviljuge</p>	<p>Prosjektet er finansiert slik:</p> <p>Spelemidlar: kr 128 000,- Kommunen, lokal bank, Volda sanitetsforening, ungdomsklubben, dugnad: kr 475 000,-</p>	<p>Gjennomført sommaren 2016</p>	<p>Arbeidet er planlagt av kommunen men er utført dels med resursar på teknisk sektor (muring/grunnarbeid) dels på dugnad av friviljuge(betong og trearbeid)</p> <p>Prosjektleiar: Torgeir Stensø</p>	<p>Anlegget ferdigstilt sommaren 2016</p>
<p><b>Turveg Rotevatnet – reguleringsplanarbeid</b></p> <p>Tilrettelegging friluftsliv</p>	<p>Utvikling</p>	<p>Planarbeidet inngår som ein del av arbeidsoppgåvene til Sektor for utvikling og har ikkje eiga finansiering</p>	<p>Saksframlegg planlagt ferdig i løpet av 2016</p>	<p>Prosjektleiar: Torgeir Stensø</p>	<p>Viktig folkehelseelement</p>
<p><b>Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde i Volda kommune</b></p>	<p>Utvikling</p>	<p>Finansiert med tilskot frå Miljødirektoratet: Kr 72 500,-</p> <p>Kommunal eigendel: kr 72 500,-</p>	<p>Er igongsett. Prosjekteringsarbeidet ventast fullført i løpet av 2016</p>	<p>Prosjektleiar: Torgeir Stensø</p>	<p>Resultatet av kartlegginga er etablering av digital kartbase med oversikt over alle friluftslivs-område i kommunen som har ein viss verdi. Kartbasen vil vere eit viktig grunnlags-dokument td i arbeidet med arealdelen, kommuneplanen</p>



<p><b>Prosjektering og bygging av turveg/bru mellom Volda sentrum og Presteholmen</b></p> <p>Sentrumsutvikling/tilrettelegging friluftsliv</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune</p> <p>Utvikling</p> <p>Volda næringsforum</p>	<p>Prosjektet utgjør eit vedteke tiltak - del av sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda"</p>	<p>Er igongsett. Prosjekteringa av tiltaket ventast fullført i februar 2017</p>	<p>Prosjektleder for gjennomføring: Torgeir Stensø</p>	<p>Elvadalen har ein spesiell funksjon som sentrumsnær grønstruktur tilrettelagt for ferdsel av mjuke trafikkantar</p>
<p><b>Prosjektering og bygging av myldreplassen i rådhusparken</b></p> <p>Sentrumsutvikling/leikepark</p>	<p>Møre og Romsdal fylkeskommune</p> <p>Utvikling</p> <p>Volda næringsforum</p>	<p>Prosjektet utgjør eit vedteke tiltak - del av sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda"</p>	<p>Fullført våren 2016</p>	<p>Prosjektleder for gjennomføring: Torgeir Stensø</p>	
<p><b>Sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda" og "Her og no"-tiltak</b></p> <p>Vi ønskjer å utvikle Volda sentrum til eit attraktivt sentrum med godt definerte uterom som skal gi rom for møteplassar, opplevingar og stimulere til opphald og aktivitet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Osekråpet</li> <li>- Åslidkråpet</li> <li>- Fyrlykt moloen</li> <li>- Temporær møblering gamletorget</li> </ul>	<p>Volda Næringsforum, Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune</p>	<p>Prosjektet utgjør del av sentrumsprosjektet "Mellom bygningane i Volda"</p>	<p>Kontinuerleg</p>	<p>Prosjektleder: Stefan Halck, Regine Aklestad, Berit Sandvik Skeide m.fl</p>	<p>Tiltaka har funksjon som ad hoc-prosjekt med avgrensa omfang som skal skape interesse og entusiasme kring arbeidet med utviklinga av Volda sentrum</p>
<p><b>Flommen friluftsområde</b></p> <p><b>Bygging av turveg/lysanlegg</b></p>	<p>Utvikling/teknisk</p>	<p>Finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune/</p>	<p>Fullført 2015</p>	<p>Prosjektleder: Torgeir Stensø</p>	<p>Tiltaket har gjort gamle alpinbakken i Flommen tilgjengeleg som tilkomst - mellom</p>

		Miljødirektoratet Kr 480 000,-			byggefelta på begge sider - til skogs- og fjellområda ovanfor. Viktig ferdselsåre i grønstrukturen.
<p><b>”Tidleg inn”</b></p> <p>Bakgrunn for prosjektet var regjeringa si satsing på tidleg intervensjon ved vanskar knytt til psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar. Opplæringsprogram i bruk av kartleggingsverktøy og samtalemetodikk i møte med gravide og småbarnsforeldre.</p> <p>Barn har «lite tid» og det er viktig å kome inn tidleg i svangerskapet.</p> <p>Kva er «Tidlig inn»:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tidleg identifisering av psykiske problem, alkohol/rusbruk og valdsproblematikk hos gravide og småbarnsforeldre</li> <li>- Auka bruk av miniintervensjonar (kartlegging og kortvarig rådgiving)</li> <li>- Gjennom systematisk kartlegging vil vi oppdage fleire</li> <li>- Utnytte det tverrfaglege</li> </ul>	<p>«Tidlig inn» er forankra administrativt i kommunane i «sjustjerna» og arbeidsverktøy er implementert i arbeidet på helsestasjonane av jordmor og helsesøster.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartleggings skjema <b>Tweak</b> som omhandler alkoholbruk i svangerskapet. Tidleg samtale i svangerskapsveke 5-8 .</li> <li>- Kartleggingsverktøy <b>EPDS</b> (Edinburgh postpartum depression scale). Eit spørjeskjema til barselkvinnene på 6 vekers kontrollen som utgangspunkt for samtale om psykisk helse.</li> <li>- Avdekke vald i svangerskapet og bruk av kartleggingsskjema</li> <li>- <b>AAS</b> (abuse assessment</li> </ul>	<p>Gratis opplæring frå regionalt opplæringsteam.</p> <p>Volda kommune sto som arrangør av dei 5 opplæringsdagane og tok ei lita kursavgift for å dekke leige av lokale og servering. Prosjektet fekk også eit tilskot på kr 15 000 frå Klinik for rus og avhengighetsmedisin /kompetansesenter rus-midt-Norge.</p>	<p>Helsestasjonane på Søre Sunnmøre (sjustjerna) saman med 2 rettleiarar frå DPS fekk opplæring over 5 dagar våren 2014. Barnehagane, barnevern, legar og politi var invitert og deltok på nokre av dagane.</p> <p>Jordmødrene og helsesøstrene deltok vidare i vegleiingsgrupper leia av DPS. Gruppene blei fordelt frå haust 2014 tom haust 2015.</p> <p>Vår 2016 fekk vi delta i ei avsluttande samling.</p>	<p>Helsestasjonane i «sjustjerna» og DPS Volda saman med regionalt opplæringsteam som består av R-BUP, RVTS, Bufetat og kompetansesentre-rus.</p>	<p>Evaluert 270515</p> <p><b>EPDS</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kome godt i gang med bruk, starta med 2 dagers planlegging i forkant av oppstart.</li> <li>- Utarbeidd prosedyrar. Alle erfarer at dei fleste vil besvare skjemaet.</li> <li>- Helsestasjonen arkiverer skjema som anonymiserast, for statistikk.</li> </ul> <p><u>Utfordringar</u></p> <p>I forhold til dei framandspråklege, dårlig erfaring med bruk av tolk.</p> <p>Kulturell ulikskap i forståing av begrep.</p> <p><b>Tweak</b></p> <p>Oppstart 1/10.15.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Utfører samtale etter at skjema er fylt ut.</li> </ul>

potensialet	scale)				<p>- Ingen avdekking, men bra til bruk for samtale om tema.</p> <p>- Utvikla prosedyre i samarbeid med rus og psykisk helseteneste i kommunen.</p> <p><u>Utfordringar</u></p> <p>- Utfordring med høg skår på den del som kartlegger i forkant av graviditet.</p>
<p><b>"Voldaprojektet"</b></p> <p>Prosjektet skal gi personalet auka kunnskap om psykisk helse hos barn i barnehagealder. Samstundes vert det gjennomført forskning for å evaluere effekten av opplæringa. Kompetansehevingspakken har 11 ulike tema i tillegg til 2 observasjonsmetodar.</p> <p>Mål med prosjektet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Heve kompetansen til personalet</li> <li>2. Evaluere for å sjå effekten av kompetansehevinga</li> <li>3. Oppdage barn som treng ei eller anna form for hjelp og støtte så tidleg som mogleg, og gi dei god hjelp i barnehagen.</li> <li>4. Få meir kunnskap om psykisk</li> </ol>	<p>Opplæring og Oppvekst</p> <p>Tidleg innsats</p> <p>Kompetanseutvikling</p>	<p>Tildelt kr. 400 000,- frå RKBU. I tillegg må VK bruke kompetansemidlar/eigne midlar for å gjennomføre prosjektet på ein god måte.</p>	2013-2018	<p>Styringsgruppe og prosjektgruppe har ansvar for framdrift i prosjektet.</p>	

helse hos barn som går i barnehage.					
<b>Rådhuskantina</b>	Volda læringscenter og Furene AS = språkpraksisarena	400.000,- i tilskot frå IMDi (integrerings- og mangfaldsdirektoratet)	Midlane er tildelt for 2016.	Volda læringscenter har ansvaret. Furene AS er leigd inn for å drifte det daglege arbeidet i lag med praksiselevar frå VLS	Viktig bidrag for trivselen på rådhuset. Viktig praksisarena for intro-deltakarar.
<b>Kimen sosial Entreprenør</b> Entreprenørskapslab for busette flyktningar i Volda. Skape mening og aktivitet for/med flyktningar som har vanskar med å greie seg i det ordinære arbeidslivet i Volda. Bygge på realkompetane og kvalifikasjonar som vanskeleg let seg dokumentere og/eller matche arbeidslivet. Kimen skal vere ein kreativ arena for kopling av kunnskap og omsetjing til tenester og produkt i Volda. Samarbeid med kommunale institusjonar og avdelingar, lokalt næringsliv og frivillig lagsliv.	Sunnmøre kulturnæringshage, Volda læringscenter og frivilligsentralen	Tilskot frå Nav: 150 000 (2016)  Inngår også i andre tilskotsrammer; Skjønnsmidlar og midlar frå fylket, samt ekstraløyving frå kommunen (1 mill)	Med atterhald om driftstilskot frå Nav 2016-2019	Dagleg leiar  Espen Kolbræk	
<b>Stemme/Mosaik</b> - Utarbeide og prøve ut verktøy/ arbeidsmodellar for å inkludere kulturelle minoritetar i Volda og minoritetskultur i kulturskuletilbodet  - Arbeide fram mot ein konsert/framføring i tett samarbeid	Volda kulturskule, Øyra skule, Volda læringscenter og frivilligsentralen	Møre og Romsdal fylke: 100 000 (2016)	Førebels til våren 2017, men med mål om etablering som eit fast tiltak		

med Øyra skule. - Etablere eit tilbod i forlenginga av prosjektet, forankra i kulturskulen i tett samarbeid med kommunale instansar og frivillige organisasjonar					
<b>Mat og prat</b> Fleirkulturelle samlingar på Øyra skule, skulekjøkkenet annankvar måndag ettermiddag/kveld. Sosialt treff, læring, kontaktskaping.	Re:act i samarbeid med frivilligsentralen	React har fått midlar frå UDI	Frå sesong til sesong	Re:act v. Laura Mortveit	
<b>Sommarprogrammet</b> Aktivitatar for barnefamiljar 1-2 gongar i veka gjennom heile sommarferien. Volda og omegn. Samarbeid med mange aktørar.	Frivilligsentralen	2016: 62000 UDI, Fylket: 5 000, Volda sanitetslag: 5 000		Frivilligsentralen	Skal evaluerast
<b>EPC Prosjektet – eit energisparetiltak med fokus på innemiljø, det er tatt med opplæring på tilsette og barn og unge i skulen.</b>	Eigedom	Det er sett av om lag kr. 72 mill i prosjektet, i tillegg kan opsjonar løysast inn.	Prosjektet er ferdig 31.12.2017, med garantitid og oppfølging i ca 15 år	Ansvar: Prosjektleiar Tor Vegard Sjøvik og Kjell-Magne Rindal	I økonomiplanen er det lagt inn 2,2 millionar kvart år i 6 år til utskifting av alle gatelys til LED (totalt 13,2 mill).  Dette sparer Volda kommune 75% av energiforbruk/kostnad til vegbelysning

<b>LED – Gatelys – betre lys med energi og miljø tiltak.</b>	Teknisk	I økonomiplanen er det lagt inn 2,2 millionar kvart år i 6 år til utskifting av alle gatelys til LED (totalt 13,2 mill).  Dette sparer Volda kommune 75% av energi forbruk/kostnad til vegbelysning.			
<b>Kulturminneplan</b>	Kultur og service ( i samarbeid med Utvikling)  Kulturminneplan vil vere ein viktig reiskap i plan- og byggjesakshandsaminga. Ved å ha ein politisk vedteken kulturminneplan legg ein føringar for korleis det skal takast omsyn til kulturminne og kulturmiljø i kommuneplanen sin arealdel. Døme på dette er bruk av arealformål, bestemmelsar og omsynssoner.	200.000 kr	Juni 2017	Ansvar: Sektorsjef kultur og service	
<b>Utvikling av modell for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbrukar rusmiddel</b>	Barneverntenesta i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	Kr. 500 000.-  Finansiert av Bufdir- Barne-ungdoms- og familiedirektoratet	Prosjektperiode: 15.04.2016-31.10.2016	Prosjektleiar: Barnevernsjef Brynhild Solvang  Prosjektkoordinatorar: Eva Andreassen Lyng	

				og Kjellfrid Hovdenakk	
<b>Verdiverkstad</b>	Personal og organisasjon	Eigen kompetanse og tidsressurs i personalavdelinga. Deltaking frå 180 tilsette.  Servering dekt av personal	Våren 2016	8 verkstadar med omlag 180 tilsette, samla inn 230 verdiord på 2022 gule lappar.	Skal ikkje evaluert, men vert politisk behandla og implementert i organisasjonen
<b>Motiview</b>  Motiview er eit motivasjonsverktøy som stimulerer til auka fysisk aktivitet. Ved hjelp av ein treningssykkel, levande bilete og lyd kan brukarane dra på sykkelturn i kjende omgjevnadar. <u>Mål</u> Ta i bruk Motiviewteknologien for å stimulere eldre, demente og rørslehemma til fysisk aktivitet for å førebyggje fall og sikre raskare opptrening. Hovudmålet er å oppnå betre fysisk og psykisk helse og livskvalitet. <u>Målgruppe</u> - Eldre og - eller menneske med demenssjukdom. - Eldre som generelt er inaktive, og som treng stimulans for å snu dette. - Andre som treng trening og rehabilitering	Helse og omsorg, frivillige lag v/Volda Sanitetslag mfl.	Finansiering: Totalsum kr.254.250 Finansiering: Volda kommune, eigendel kr. 18 000 Resterande sum søkt Gjensidigestiftelsen	Vår 2017 innkjøp og filming. Haust drift/aktivisering	Helse og omsorg/Volda sanitetslag	

<p><b>Turgruppe for eldre</b></p> <p>- med utgangspunkt i Dagsenter for eldre</p> <p>-tilrettelegge for friluftsliv og glede</p>	Helse- og Omsorg	<p>Kr. 10 000,-</p> <p>Midlar frå Helsedirektoratet i samband med prosjektet: «Nye dagaktivitetsplassar for demente»</p>	Oppstart mai 2016	<p>Prosjektleiarar:</p> <p>Unni G Humberset / Ellinor Knardal</p>	
<p><b>Balanse/styrke – trening for eldre</b></p> <p>Utg. punkt i Dagsenter for eldre.</p> <p>Forebygge fall. Medverke til at brukarar kan bu lenger i eigen heim.</p>	Helse- og Omsorg	<p>Kr. 6 000,-</p> <p>Midlar frå Helsedirektoratet i samband med prosjektet: «Nye dagaktivitetsplassar for demente»</p>	Oppstart mai 2016	<p>Prosjektleiarar:</p> <p>Randi Alfsvåg</p> <p>Unni G Humberset / Ellinor Knardal</p>	
<p><b>Gapahuk</b></p> <p>Dagsenter for eldre.</p> <p>Tilrettelegge for uteliv i all slags vær.</p> <p>Stimulere til fysisk aktivitet.</p> <p>Gi brukarane gode uteopplevingar.</p>	Helse - Omsorg	<p>Kr. 350 000,-</p> <p>Midlar frå Helsedirektoratet i samband med prosjektet: «Nye dagaktivitetsplassar for demente»</p>	Bygget stod ferdig desember 2015.	<p>Prosjektleiarar:</p> <p>Unni G Humberset / Ellinor Knardal</p>	
<p><b>”Frå mellombels til varig bustad”</b></p> <p>Mål: å avhjelpe rusmisbrukarar til varige bustadløyisingar og redusere butid i mellombelse bustadløyisingar og hindre utkastelsar.</p> <p>Målet med prosjektet er å få til ei betre gjennomstrøyming i dei</p>	Helse- og Omsorg	<p>1 680 000 (3 år)</p> <p>Midlar frå Helsedirektoratet</p> <p>375 000 (eigeninnsats i prosjektperioden over 3 år)</p>	<p>Oppstart, som prosjekt: 2013, 2014 og 2015</p> <p>No: varige tiltak/60% stilling, ordinær drift</p>	<p>Prosjektleiar: Malene Rovde</p> <p>Ansvarleg no: Tildelingskontoret, sektor Helse og</p>	



<p>kommunale bustadane generelt og spesielt for målgruppa innanfor rus og psykisk helseteneste. I tillegg skal sektor helse og omsorg ta over tildeling av dei kommunale bustadane ved eit samarbeid mellom tildelingskontoret og den sektorovergripande tildelingsnemda.</p>		<p>60% fast stilling over driftsbudsjettet</p>		<p>Omsorg frå mars 2014.</p>	



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/123
		Arkivkode:	033

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Formannskapet Kommunestyret	31.01.2017

### OPPNEMNING AV TEMAKOMITEAR - VOLDA OG HORNINDAL KOMMUNER

**Administrasjonen si tilråding:**  
*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

**Vedleggsliste:**  
Oppnemning av temakomitear

**Saksopplysningar/fakta:**  
Saka vert lagt fram for oppnemning av representantar til temakomitear. Den mellombelse fellesnemnda for Volda og Hornindal kommunar gjorde i møte den 11. januar 2017, følgjande vedtak:

**1. Heraldikk/namn**

*Tema komité på 5 personar, 2 frå kvar kommune. Kommunestyra kjem med framlegg til kandidatar.*

*Ordførarane får fullmakt til å kome med framlegg på leiar av komiteen. Dette skal vere ein «nøytral» fagperson.*

**2. Vegnamn**

*Ber administrasjonen kartlegge om det er sams vegnamn i dei to kommunane før fellesnemnda tek stilling til om det er behov for ein eigen tema komité til dette*

**3. Organisasjonsutval**

*Kommunestyra vert bedne om å kome med framlegg på 3 kandidatar frå kvar av kommunane.*

*Fellesnemnda tek stilling til mandat og framdriftsplan på neste møte i nemnda.*

Saka vert lagt fram for oppnemning av 2 kandidatar til nemnd for heraldikk/namn og oppnemning av 3 kandidatar for organisasjonsutval (politisk organisering)

Rune Sjurgard  
Rådmann

Asbjørn Moltudal  
Rådgjevar



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Ann Kristin Langeland	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	

## OPPNEMNING AV TEMAKOMITEAR

### Innstilling:

Førebels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommune gjev følgjande innstilling til kommunestyra:

1. Det vert oppretta følgjande temakomitear:
  - ✓ Heraldikk/namn  
Leiar:  
Medlemmar:
  - ✓ Vegnamn  
Leiar:  
Medlemmar:
  - ✓ Organisasjonsutval  
Leiar:  
Medlemmar:
2. Mandat og framdriftsplan vert utforma av leiar
3. Rådmennene peikar ut sekretariat for gruppene

### Saksopplysningar

I prosessen med å bygge ny Volda/Hornindal kommune har ein starta arbeidet med dei administrative kartleggingane av status innanfor dei ulike fagområda i dei to kommunane. Det skal også fremjast sak for fellesnemnda knytt til prosjektleiarfunksjon.

I samband med dette er det behov for å etablere politiske temakomitear som skal arbeide med ulike saker som t.d. heraldikk, namn, politisk organisering med vidare for den nye kommunen. Det vert opp til fellesnemnda å kome med framlegg til representantar og leiar for dei ulike komiteane.

## **Vurdering**

### 1. Heraldikk/namn:

Fellesnemnda må ta stilling til om det skal vere same komité som skal arbeide både med heraldiske spørsmål og med namnespørsmålet. Ein vil frå administrasjonen si side rå til at det er same temakomite.

Komiteen skal fremje framlegg om heraldisk profil og kommunenamn for den midlertidige fellesnemnda som så sender sakene over til dei respektive kommunestyra for vidare handsaming.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

### Kommunenamn:

Det er ikkje teke stilling til kva namn den nye kommunen skal ha. Ein ser at det er viktig å få dette på plass så snart som mogleg. Dette handlar om felles identitetsbygging fram mot samanslåinga i 2020. I kommunelova § 3. 3 vert det slått fast at endring i kommune namn skal avgjerast av Kongen. Før slik avgjerd vert teken, skal det ligge føre uttale frå dei involverte kommunane.

Komiteen må ta stilling til korleis dei vil legge opp arbeidet som skal føre fram til ein søknad om endra/nytt kommunenamn. Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og gjev si tilråding til dei respektive kommunestyra innan utgangen av 2017.

### Heraldikk:

Komiteen må hente inn vegleiing frå Riksarkivet, og ta stilling til korleis ein skal arbeide med saka. Riksarkivet er rådgjevande instans både for kommunane og for departementet i slike saker. Etter at kommunen har kome fram til motiv, har fått utarbeida originalteikningar av våpenet og dette har blitt handsama i kommunestyra, vert det sendt søknad om godkjenning av kommunevåpen og flagg til Kommunal- og moderniseringsdepartementet via fylkesmannen.

Kommunevåpen bør vere eit tydeleg og samlande symbol for kommunen. Ordførarkjede bør utformast med utgangspunkt i kommunevåpenet. Dette bør vere klart innan samanslåinga er eit faktum.

(Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg til forenklingar i regelverket for kommunevåpen og kommuneflagg.

I høyringsnotatet foreslår departementet at kompetansen til å fastsette kommunevåpen og kommuneflagg vert lagt til det enkelte kommunestyret. Departementet foreslår at reglar om fastsetting av kommunevåpen skal inngå i kommunelova. Det er vidare framlegg om å oppheve lov om flagging på kommunen sine offentlege bygningar. Dette inneber at det ikkje lenger vil vere noko krav om godkjenning av Kongen for å kunne nytte kommunevåpenet i eit kommuneflagg. Frist for innspel til høyringa er sett til 15. mars 2017).

Komiteen skal rapportere til fellesnemnda og ferdigstiller framlegg innan utgangen av 2017.

## 2. Organisasjonsutval

Det er naturleg at det vert sett ned ei gruppe som ser på dagens politiske organisering i Volda og Hornindal kommune. Grappa skal utarbeide framlegg til ny politisk organisering frå 01.01.20. Vidare må ein ha ein gjennomgang av dei ulike reglementa som ligg til grunn for dagens organisering, samt kome med utkast til nye reglement i tråd med framlegg til endra politisk organisering. Herunder må ein gjennomføre ein revisjon av delegasjonsreglement, og fremje framlegg til nytt delegasjonsreglement. Dette er eit omfattande arbeid, som vil krevje brei involvering og såleis vere tidkrevjande.

Arbeidet bør vere slutført innan utgangen av 2018.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

## 3. Vegnamn:

Ein har behov for ein komité som skal kartlegge om det er sams vegnamn i Hornindal og Volda. Dersom ein har samanfallande vegnamn, er det komiteen som skal utgreie dette og gjere si innstilling til fellesnemnda/kommunestyra om eventuelle endringsframlegg. Arbeidet bør vere slutført innan utgangen av 2017.

Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

## **PS 20/17 Orienteringssaker**



## ORIENTERINGSSAK

**Frå:** Utvikling

**Sak:** Planid 2016005 - Arealdelen

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/963	813/2017	2016005	UTV/HEIIST	20.01.2017

Orientering om innspel til arealdelen og vidare planprosess - Planid 2016005

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
--------------------	--------------	-----------------

Vi har pr. 20.01.2017 motteke 101 innspel til arealdelen og planprogrammet. Det er ikkje skild mellom innspel til planprogram og arealdel, då eit innspel kan vere relevant for både planprogrammet og arealdelen. Merknader til planprogrammet er handsama tidlegare og vert ikkje tema i denne orienteringa.

Det vil bli ein presentasjon av alle innspel i møtet og dette notatet er såleis berre ei innleiing til det som vert presentert der. Det vert også laga til eit eige kart og dokument med oversikt over alle innspel, som vert lagt fram i møtet og seinare lagt ut på kommunen si heimeside.

Totalt er det lagt inn 143 forslag til endra arealformål i tillegg til forslag om nye vegar, gangvegar, turstiar, område for særleg omsyn til friluftsliv, naturområde m.v. Alle innspel om "ny/endra" arealbruk er lagt inn på eit eige kart. Ut frå dette får ein ei summert liste over korleis innspel fordelar seg mellom dei ulike arealformåla og arealbruk målt i dekar.

<b>Arealtabell</b>	
<b>§11-7. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg</b>	<b>Areal (daa)</b>
Andre typar bygningar og anlegg (3)	11,5
Bustader (46)	1017,4
Forretningar	1,2
Fritids- og turistformål (6)	107,9
Fritidsbusetnad (22)	173,2
Grav- og urnelund	2,7
Idrettsanlegg	3,5
Kombinert byggje- og anleggsformål (8)	324
Næringsverksemd (6)	593,5
Offentleg eller privat tenesteyting	148,3
Råstoffutvinning (5)	194,4
Sum areal denne kategori:	2578





## VOLDA KOMMUNE

<b>§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bane (nærare angitte baneformål)	11,5
Parkeringsplassar	0,5
Sum areal denne kategori:	11,9
<b>§11-7. Nr. 3 - Grønstruktur</b>	<b>Areal (daa)</b>
Friområde (3)	11
Grønstruktur (2)	41,3
Sum areal denne kategori:	52,2
<b>§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift</b>	<b>Areal (daa)</b>
LNFR (4)	134,9
Spreidde bustader (22)	785,3
Spreidde næringsbygningar	52,9
Sum areal denne kategori:	973
<b>§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone</b>	<b>Areal (daa)</b>
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	94,8
Småbåthamn (8)	101
Sum areal denne kategori:	195,8
<b>Totalt alle kategoriar: 3810,9</b>	

Ikkje alle innspel er like enkle å tolke når det kjem til avgrensing, og nokre kjem med alternative forslag. Alle innspel er tatt inn i kartet utan noko form for vurdering eller siling. Nokre innspel er såpass vage at ein ikkje har grunnlag for å kartfeste forslag til endra arealbruk, det vil vere behov for dialog for å avklare desse innspela. Når det gjeld avgrensing av omfanget av forslag til endra arealbruk, vil ein i ei seinare fase ta kontakt for å avklare avgrensing meir presist. Ved alternative forslag har ein valt å legge inn alle alternativa. Vi har også motteke fleire innspel til arealbruk for same område. Alt dette gjer at arealtabellen ikkje er eit heilt korrekt bilde på ønska arealbruk, men viser uansett ei fordeling av dei innspela vi har motteke i forhold til arealbrukskategoriar. Det kan også vere at vår tolking av kva arealbruksformål som er meint i innspelet ikkje er heilt korrekt, og må avklarast nærare seinare i prosessen.

Ikkje uventa er det flest forslag til nye område for bustader og spreidde bustader. Nokre av innspela antyder t.d. grøntsoner og friområder i tilknytning til bustadområde, men der desse er uklare har vi valt å ikkje teikne dei inn, men la dei vere inkludert i eit større areal sett av til t.d. bustadområde. I ein kommuneplan vil det alltid vere slik at veganlegg og grøntområde internt i slike område inngår i formålet og ikkje vert vist på plankartet.



## VOLDA KOMMUNE

Dei føreslegne nye område for bustader ligg i stor grad i Volda sentrum, Vikebygda, Mork og Fyrde, samt utviding av eksisterande bustadområde på Dravlaus, Lauvstad og Velsvika. Vi har fått innspel om område for spreidd bustadbygging i mange av bygdene i kommunen. Kategorien fritidsbusetnad omfattar både naust, rorbuer og andre fritidsbustader. Flest innspel om naust og fritidsbusetnad finn vi ikkje uventa på Lid og Berkneset, men også nokre område spreidd rundt i resten av kommunen. Det er t.d. foreslått nye hytteområde i Grøndalen.

Større marina/rorbuanlegg og hotell er kategorisert som fritids- og turistformål. Dette er foreslått i Austefjordområdet og på Kornberg. Vi har og motteke fleire ønske om småbåthamner rundt om i kommunen.

Det er fleire forslag til område for uttak av ulike typar masser(råstoffutvinning) og næringsareal rundt om i kommunen.

I tillegg til alle innspela vi no har motteke, vil det vere ein prosess framover der ein går i dialog med ulike aktørar og interessegrupper for å få avklare behov for endra arealbruk. Det skal også gjennomførast ei heil rekke utgreingar, behovsanalysar, kartleggingar m.v. som saman med arealstrategiane i planprogrammet vil legge føringar for vurdering av dei innspela som er motteke. I samband med desse arbeida(delprosjekt) vert det invitert til dialog i form av m.a. temamøte. Det er alt invitert til møte med tema havbruk – akvakultur. I samsvar med planprogrammet skal dei fleste delprosjekta vere gjennomført til april. Ein vil då få eit godt grunnlag for å kunne vurdere og prioritere dei innspela ein skal ta med vidare i konsekvensutgreinga. Vurdering og prioritering av innspel og forslag til endra arealbruk vert eiga sak i Formannskapet april – mai.

Under er ei oversikt over dei ulike delprosjekta det vert jobba med i samband med utarbeiding av arealdelen. Resultat av delprosjekta vil på ulikt vis legge føringar for prioritering av den framtidige arealbruken i kommunen.

Behovsanalyse bustadareal	Prosjektgruppa
Behovsanalyse naust.	Prosjektgruppa
Behovsanalyse fritidsbusetnad.	Prosjektgruppa
Behovsanalyse næringsareal	Prosjektgruppa
Behovsanalyse havbruk	Prosjektgruppa
Arealbehov overnattings- og serveringstilbod	Prosjektgruppa
Arealbehov offentlege verksemder, allmennyttige formål og kommunaltekniske anlegg.	Prosjektgruppa
Behovsanalyse mineralressursar og plassering av mottak og deponi for masser	Teknisk
Sentrumsavgrønsing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling	Prosjektgruppa
<i>(Fortettingsanalyse)</i>	Prosjektgruppa
<i>(Parkeringsanalyse)</i>	Prosjektgruppa
Kollektivtransportanalyse	Prosjektgruppa
Klimatilpassing infrastruktur	Prosjektgruppa
Oppdatering Stølsregister og verdsetting av setremiljø.	Prosjektgruppa



## VOLDA KOMMUNE

Barnetrakkregistrering/barn og unge sin bruk av areal	Prosjektgruppa
Kartlegging og verdsetting av friluftsområde	Prosjektgruppa
Kartlegging av vassdrag, strandsone og sjøareal.	Prosjektgruppa
Kartlegging av farlei, ankringsområde for skip og fiskerihamner	Prosjektgruppa
Hovudplan veg med analyse av overordna vegsystem	Teknisk
Plan for kjerneområde landbruk	Landbruk
Plan for "Miljøgate"	MBV
Hovudplan vatn og avløp	Teknisk
Kulturminneplan	Kultur og Service
Utarbeiding av ROS-analyse (oversikt)	Prosjektgruppa
Utarbeiding av KU	Prosjektgruppa

## **Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal.**

### **Mandat:**

Kommunestyret 30.11.2015:

*1. Det vert oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheter i ei oppfølging av resultatata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet punkt 4.*

*2. Følgjande vert valt til medlemmer i utvalet:*

*Medlemmer:*

*Jørgen Amdam*

*Fride Schjølberg Sortehaug*

*Odd Harald Sundal*

*Margrete Bjerkvik*

*Dan Bjørneset*

*Varamedlemmer:*

*1. Gunnar Strøm*

*2. Roald Espset*

*3. Sølvi Dimmen*

*4. Anders Egil Straume*

*Jørgen Amdam vert valt til leiar.*

*3. I mandatet inngår m.a vurdering og framlegg om:*

*- Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept*

*- Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida*

*- Definere behovet for og aktuell sambruksløyising av lokale saman med Høgskulen og ev andre partar.*

*4. Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall. Arbeidsgruppa for hallprosjektet får derfor utsett frist til 1. mai 2016 til å leggje fram sin rapport.*

*5. Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med framlegg om, m.a kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid: 15.2.16.*

Formannskapet 18.10.2016:

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg til tilleggsrepresentantar:

*Magnar Åm, Martin Brenne og Kari Hasle.*

**Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

## **Forståing av oppgåva**

Arbeidsgruppa forståing av oppgåva er at dei skal komme med ei innstilling til korleis ein kan organisere kulturlokale i Volda, spesielt i høve nytt mediebygg på Høgskulen og moglegheita for kinosal og kultursal der. Dessutan skal gruppa vurdere og komme med forslag til korleis framtidig bruk av samfunnshuset kan foregå.

## **Endrande forhold for prosjektet**

I intensjonsavtalen mellom HVO og Volda kommune står det:

*Høgskulen i Volda skal bygge eit hus for mediefaga. I det nye huset er det planlagt ein kino og kultursal/fleirbruksrom som skal kunne nyttast til m.a. førelesingar, framsyning av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/teaterframsyning, fleirkameraproduksjon, konferansar og mottakingar.*

*Avtalen skal leggje til rette for samarbeid mellom partane når det gjeld bruken og drifta av kino og kultursal/fleirbrukssalen. Målsettinga er at Volda kommune skal vere ein stabil og langsiktig leigetakar av brukstid i kino og kultursal/fleirbrukssalen. Partane vil arbeide for å etablere eit driftsselskap som får ansvaret for drifta av salen. Studentsamskipnaden på Sunnmøre kan vere ein interessant samarbeidspart i eit slikt selskap.*

Statsbygg som i dag jobbar med forslag til prosjektet er 3 månader på etterskot, dette grunna at kostnadane ved bygget vert høgare enn antatt og usikkerheit i høve Voldahallen.

HVO er fortsatt i prosess med Statsbygg med omsyn til storleik og form på mediebygget og framdriftsplanen har blitt justert fleire gangar. Tilsvarende har forutsetningar om husleige blitt endra ved at regjeringa har heva kravet til forrenting. Planen er no å få fram justert romprogram innan utgangen av februar, så engasjere konsulentar og å få ferdig skisseprosjekt tidleg haust 2017. Om denne planen held vil nybygget vere ferdig i 2020.

HVO har gitt uklare signal om behov for bruk av kultursal og om den skal byggast vil det i hovudsak vere i Volda kommunes regi og med grunnlag i leigeavtale mellom Volda kommune og HVO. På grunn av høgare husleige enn først forutsett kan det vere at HVO sjølv vil redusere si utbygging og i staden bli ein stor brukar av kultursalen. Dette må avklarast innan skisseprosjektet startar.

Desse endringane har lagt føringar for gruppas arbeid, spesielt framdrift og derfor fokuserer vi på kva kommunen skal stille som krav til ein kinosal og kultursal i HVOs mediebygg og kva aktivitet som i framtida skal finne stad i samfunnshuset.

## **Om samfunnshus og kulturhus i samspel**

Innstillinga frå utvalet er at det nye medie- og kulturbygget på Høgskulen vert eit fokuspunkt for kultur i Volda. Bygningsmassen (kinosal og kultursal med støtterom) bør drivast av eit eige driftsselskap og skal vere tilgjengeleg for leige både på kvardagar og helg og på ettermiddag – kveld for å møte dei ulike behova knytt til eit slikt bygg. Driftsselskapet bør utvikle avtale med HVO om bruk av andre rom og utstyr for å kunne arrangere større konferansar og møter og sikre tilgang til kantine m.m. utanom vanleg arbeidstid.

Samfunnshuset skal også vere tilgjengeleg for leige, men då som eit rimeligare alternativ enn kulturhuset. På den måten får ein dekkja eit spekter av behov for lokale og ein unngår at kulturhuset og samfunnshuset vert konkurrentar.

### **Vegen vidare for samfunnshuset**

Samfunnshuset er i dag inne i ein prosess for energieffektivisering (EPC) og vil etter dette møte moderne standardar for energibruk og energisparing. Huset har historisk verdi og gruppa vurderer det som viktig at dei historiske verdiane vert tatt vare på når bygningen og bruken er i endring. Det rådst derfor til å hyre inn fagkyndig person som kan ha ansvar for at samfunnshusets særpreg vert tatt vare på i omleggingsprosessen.

Forslag til bruk av areala er at kinosalen kan bli ein framtidig kommunestyresal ved samanslåing med Hornindal. Amfiet i kinosalen i dag er forelda og vert foreslått erstatta av moderne amfi som tar mindre plass. Når kinoen flytter ut i 2020 vil salen kunne brukast på dagtid og kveld til undervisning, møter, øvingar m.m. og med ei lav husleige slik at ein får høg aktivitet. Salen bør utstyrast slik at den er velegna til møter og til undervisning for store grupper.

Salen (kommunestyresalen) i første etasje vert foreslått til utleige då størrelse og nærleik til kjøkken er god. Salen bør som no til retteleggast for fleirbruk som undervisning, møter, servering m.m.

Gruppa meiner ungdomsrådet bør involverast i planlegginga av bruken av samfunnshuset, spesielt med tanke på at det er eit mogleg lokale for ungdomsklubb når kinoen flyttar ut i 2020. Eit utkast for ungdomsklubb er at ungdommen vert tildelt lokala til venstre når ein går inn hovudinngangen i bygget (no kunstskeule) og ut frå behov kan ta i bruk salane i første og andre etasje. Felles for romma er at dei må utviklast slik at det er behagelige og funksjonelle rom med tanke på bruk. Fleksibilitet i bygget er viktig og med rom av ulik karakter kan samfunnshuset møte ulike behov for leige av lokale. Komiteen tar til orde for at det må diskutert med ungdomsrådet om lokala er egna til ungdomsklubb.

Det må vurderast om ein ynsker å fjerne filmutstyret som er der i dag eller om ein vil la det stå slik at ein framleis kan vise film i samfunnshuset. Dette vil vere positivt for ein eventuell ungdomsklubb, festivalar og liknande og komiteen støttar at filmutstyret blir verande.

### **Konsekvensar:**

Ut over energiltaka bør det investert i oppussing av lokala som er i bruk av kunstskeulen og nytt amfi i noverande kinosal. Kostnadsramme investering bør vere under 1 mill. kr.

### **Gruppas innstilling til kinosal og kultursal i kulturbygg ved Høgskulen**

I høve kultursal / fleirbrukssal i kulturbygget ved Høgskulen er spørsmålet kva kvalitet og kva størrelse ein ynsker i ein slik sal. Gruppa tar utgangspunkt i at salen i alle fall skal brukast 40 – 50 år inn i framtida og meiner at ein derfor skal vere ambisiøse med tanke på standard. Statsbygg jobbar i dag med å utvikle eit tilbod med kultursal. Utvalet tar til orde for å også få

utgreia ein «idealsal» som dekk alle behov Volda kommune har på denne fronten. Gruppa går inn for denne prioriteringa:

Prioritering 1: ein påkosta «idealsal» som skal dekke behov frå symfoniorkester til konferanse. Utgangspunkt for dette alternativet kan vere krava til kultursal i Innovataprojektet, sjå vedlegg.

Prioritering 2: ein basissal som allereie er skissert av prosjektstartgruppa til HVO (denne salen er beskrive i vedlegget)

Gruppa meiner at det er avgjørande at midlane kommune går inn i prosjektet med hevar standarden på salen frå ein basissal slik den no blir skissert av HVO til ein idealsal. Innstillinga til gruppa er derfor at kommunen bør velje prioritering 1.

Det er viktig at ein kultursal og kinosal ved Høgskulen er tilgjengeleg for alle, det vert derfor viktig at ein slik mentalitet ligg til grunn.

I høve kinosal meiner utvalet at salen må ha kvalitet på linje med det ein forventar av ein moderne kinosal. Det vil sei 2D og 3D moglegheiter, skikkelige seter, lydutstyr og utforming av sal som legg til rette for ei god lydoppleving osv.

#### **Konsekvensar:**

I referat frå møte mellom Statsbygg og HVO går det fram at dei no vil planlegge bygget ut frå kostnadsrammer i staden for «ideal». Det er uklart kva konsekvensar dette vil kunne få, men det blir bedt om at HVO og Volda kommune snarast må inngå avtale om leige med økonomisk ramme som det kan planleggast med. Volda kommune må derfor bestemme seg for økonomisk ramme for leige av kinosal (ettermiddag og kveld) og kultursal. Denne i lag med leigeomfang frå HVO vil vere dimensjonerande.

Komiteen forutset at det blir etablert eit eige driftsselskap med ansvar for drift og utleige av kinosal ettermiddag og kveld og kultursal 100 % av tida. HVO og Volda kommune vil vere leigetakarar på lik linje med andre, men med Volda kommune som garantist.

Komiteen ligg til grunn at Volda kommune og Høgskulen stillar som garantistar for driftskostnadane for bygget (kinosal og kultursal).

#### **Vegen vidare**

Komiteen rådar til at kommunen går inn for forslaget kalla prioritering 1 i dette dokumentet og at komiteen held fram sitt arbeid gjennom å fylgje opp prosessen og gjennom å diskutere korleis kommunen kan stille seg til ulike scenario for bygg og byggbruk.

## **Kino og kultursal**

### **Krav i HVO-utgreiinga**

#### **Storsal/fleirbruksrom**

Bruksområde: Dette store rommet skal kunne bli brukt til førelesingar, framvising av film og anna audiovisuelt materiale, konsertar, teaterøving/framsyningar og fleirkamera-produksjon. Det skal ha kapasitet til å huse store konferansar og mottakingar, og kan vere egna til temporære utstillingar. Setekapasitet: ca. 500 plassar. Om lag dobbel så stor publikumskapasitet ved bruk av flatt golv (Operahuset på Eid har 540 plassar, Storsalen i Førdehuset 590 plassar).

Brukarar: Dette rommet blir brukt til undervisning for mediefag (AMF + dagens MID) og anna undervisning på HVO. Det kan også vere egna som prosjektrum for drama/dans (Seanse/kulturproduksjon) viss det får takhøgde på minst fem meter. Det vil også vere godt egna til større fagkonferansar eller liknande i regi av høgskulen eller andre, og til bruk under Dokfilmfestivalen, Animasjonsfestivalen og andre arrangement. Det vil også vere ein stad for det lokale kulturliv, med til dømes konsertar, teater, ungdomsskulens Melodi Grand Prix, ballettskulens framsyningar, større kinoframsyningar og meir. Som ein del av planane kring ein ny kunnskapspark etablert i Aasen-huset er det signalisert at dette vil vere aktuelt å leige i samband med konferansar og liknande.

Tekniske krav:

Oppheva scene: For framføring av musikk, teater og liknande.

Alternativ 1: Scene som blir bygd opp manuelt med modular. Krev lagringsplass for modulane. Billegaste alternativ.

Alternativ 2: Scene som kan hevast og senkast maskinelt. Dyraste og teknisk mest krevjande alternativ.

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor.

Teleskoptribune med setekapasitet til ca 500 plassar vil gjere rommet fleksibelt i bruk. Gode og komfortable stolar (sjå td. [trysilbyggprodukter.no](http://trysilbyggprodukter.no)).

Galleri langs sidene for plass til kamera, fleirkameraproduksjon

God akustikk med gode lydanlegg, lysrigg mm

Kontrollrom

Garderobe/sminkerom i nærleiken

Greenroom

Lager til scene/scenestyr og lignende

#### **Fleirbruksrom/mindre sal**

Bruksområde: Dette rommet vil bli brukt til undervisning og framvisning av film og anna audiovisuelt materiale i høg kvalitet, noko som er viktig for den audiovisuelle undervisninga ved skulen.

Brukarar: Undervisning fyrst og fremst for mediefag (AMF + dagens MID) og kulturfag. Det vil også vere godt egna til bruk under Dokfilmfestivalen,



animasjonsfestivalen og liknande arrangement. Det vil også vere ein stad for det kinoframsyingar med høg standard. Dersom det blir etablert ein ny kunnskapspark i Aasen-huset vil det vere ein aktuell leigetakar.

Tekniske krav:

Stort lerret for visning av film og anna audio-visuelt materiale. Projektor.  
Auditorium med setekapasitet på 80-100 plassar med faste komfortable stolar. Ein bør vurdere om stolane kan ha nedfellbare bord slik at det enklare kan nyttast til førelesingssal

Gode lydanlegg

Kiosk. Det bør knytast ein kioskfunksjon til fellesarealet/vrimlearealet på bygget med tanke på arrangement i desse to fleirbruksromma.

Bygget bør bli knytta til Berte Kanutte-huset gjennom ein passasje slik at ein ved ulike arrangement kan gå tørrskodd dit for å kunne nytte seg av kantine, garderobe etc.

## Frå Innovatoinstillinga (Idealsal)

### 6.5. Salar for konsert, teater, kino og møte / konferansar

#### For alle salane er det viktig med:

- ❑ Gjennomtenkte løysingar for transport av utstyr inn / ut av salane. Transportveggar mellom scener, innlasting, flygelgarasje og lagerrom skal vere *terskefrie* for lett transport av utstyr på hjul og med traller.
- ❑ Alle salar / areal bør ha likeverdige status / kvalitet slik at kultursalen ikkje framstår som den "finsalen". Salane/ areal bør gjerne ha ulike uttrykk.

#### Kultursalen

Salen skal vere ein fleksibel moderne multifunksjonssal (L=32 B=18 H=12m, netto innvendige mål) som med grunnoppsett med skyveamfi er en sal med 500 sitteplassar i amfi og ca. 200 m<sup>2</sup> scene. Gode mulegheiter også for alternative oppsett til tradisjonell sal / scene (titteskap) og justering av storleik / publikumskapasitet er viktig.

#### Publikumskapasitet

- ❑ 500 plassar ved konsert / musikkspel med publikum i amfi + inntil 60 ekstra plassar i grunn orkestergrav på framscenen
- ❑ 700 plassar med 200 ekstra stablestolar med oppbygd scene og redusert scenedjup til 5 meter
- ❑ Inntil 500 sitteplassar ved bord for kafékonsert, bankett og liknande
- ❑ 1200 personar for ståkonsert / fest (kapasitet røming 1200 pers.)
- ❑ Inntil 700 m<sup>2</sup> til temamesser, utstillingar o. l i storsal og innlasting. I tillegg kan vestibyle, veslesal m.m. brukast i slike samanhengar slik at samla areal kan bli godt over 1200 m<sup>2</sup> for utstillingar / messer

#### Kravspesifikasjonar for kultursalen

- ❑ Sal og scene skal ligge på same golvnivå for å auke fleksibiliteten og vere utforma som eit stort rom.
- ❑ Salen skal kunne vere "svart boks", men også gjerne kunne sleppe inn lys og ha variasjon i fargar m.m. ved hjelp av lyssetting, vendbare element, teppe og ev. også stor vindaugsflate med 100% lystett sjalusi.
- ❑ Minimum 12 m fri høgde innvendig i sal og 5 m i innlasting / lager med like høge portar til scenene.
- ❑ Skal ha god sittekomfort på 500 faste stolar i teleskopamfi inkl. 4 - 6 faste rader på fast balkong bak i salen.
- ❑ Stolbreidd 55 cm og radavstand 95 cm. Gjennomsnittleg trinnhøgde i teleskopamfi 35 cm slik at alle plassar får gode siktforhold.
- ❑ Teleskopamfiet kan gjerne ha bua rekker. Salen må også kunne fungere godt for eit publikum frå 200 personar.
- ❑ Minst ei av dei to sidetrappene i amfiet skal vere fast for å sikre kommunikasjon mellom balkong og salen ved flatt golv.
- ❑ Det skal ikkje vere faste veggjar mellom sal og scene på sida av og over scenen. Breidde og høgde skal regulerast med teppe / scenografi.

Grunnakustikken skal gi god spreining, romkjensle, god taletydelegheit og med ei etterklangstid på 1,5-1,6 sek. Denne skal kunne dempast ned til 1,1 – 1,2 sek ved hjelp av teppetrekk og vendbare element. Det skal særleg leggast verkt på kontroll på etterklangstid i djupbassområdet. Tilrådingar frå Norsk Musikkråd av 2010 skal leggast til grunn.

- ❑ Som alternativ skal også vurderast ein fast etterklang på 1,1 – 1,2 sek ( teater, forsterka musikk/ kino) og så auke etterklagen med eit moderne elektronisk anlegg av høg kvalitet. Klangen kan då tilpassast ulike typar / storleik orkester og det gir også salen eit avansert effektanlegg.

- ❑ Bakgrunnsstøy frå ventilasjon m.m. skal ikkje overstige 25 DbA alt. NC 30 –normen.
- ❑ Salen skal ha moderne AV-utstyr med lyssterk dataprojektor til bruk for scenografi, filmpresentasjonar, konferansar m.m.
- ❑ Scenegolv skal ha god svikt og lite trinnlyd for dans, som det også unntaksvis kan skruvas fast kulisser i. Sal og scene kan gjerne ha golv med same overflate, men scenegolv må ha ekstra stor byggehøgde (skrudjup) om ikkje ein vel å legge golv etter scenekrav i heile salen.
- ❑ Sceneområdet skal ha fullt motorisert rigg for ein moderne scene med snortrekk, teatertekstilar, lysanlegg med min 120 kursar a 2,5 KWA, lydanlegg (PA) og akustiske himlingelement.
- ❑ Ved ”ståkonsert” eller ”småbord” kan riggast mindre scene av element. Huset bør som minimum ha 80 m<sup>2</sup> / 40 element a 2 m<sup>2</sup>.
- ❑ Salen må ha tekniske sidebruer i ca. 7 meter høgde og ei teknisk bru på tvers av salen i ca. 8 meters høgde.
- ❑ I tillegg solide opphengspunkt og løfteutrustningar for blackbox-teater for tekstilar, lys, lyd og scenografi m.m.
- ❑ Et fast område på 3 x 2 meter på balkong bak i salen må vere avsett til tekniskar plass utan å skape konflikt for rømningsvegar.
- ❑ Ha maskinrom for kino, kinolerret (rull) i fremre ved scenen og godt lydanlegg kombinert for kino og konsert / teater.
- ❑ Moderne kabelstruktur for profesjonell distribusjon av digital lyd og bilete
- ❑ Alle inngangar for publikum må ha lyd / lyssluser.
- ❑ Det kan gjerne vere ein stor port mellom sal og vestibyle slik at dette kan fungere saman f. eks ved store krokonsertar og andre festarrangement.
- ❑ Vere utstyrt med godt flygel og ”garasje” for dette med styrt fuktigheit (50-60%). Romet skal vere så stort at det også kan brukast som øvingsrom.
- ❑ En slik fleksibel sal krev ekstra store og lett tilgjengelege lagerareal bl.a. for stablestolar, bord, sceneelement, teknisk utstyr m.m. Dette må ha ekstra takhøgde og vere utstyrt med pallereolar og liten elektrisk truck for stabling og flytting.
- ❑ Orkestergrav er eit område fast nedsenka ca. 80 cm og vil mest verte brukt til ekstra stolplassar slik at salen då får ”scenekant”. Dekking med manuelle lemmar med same overflate som golvet elles.



---

**NOTAT**

---

**Til:** Formannskapet**Frå:** Wenche Solheim**Kopi:** Kirsti Øy Driveklepp**Sak:** PPT

Saksnr / arkivkode	Løpenr.	Stad	Dato
2016/2353 / B01	750/2017	Ørsta	19.01.2017

**Orientering til formannskapet  
Intensjonsavtale PPT**

Volda Ørsta PPT i den forma det har i dag har ei historie tilbake til 1990-talet. Kontoret har hatt ulik lokalisering. Først heldt dei til i Volda, men i 2011 flytta dei til Ørsta, til nye flotte lokale i Tricobygget. PPT var på flyttetidspunktet underlagt eit styre samansett av "skulesjefane" for Volda og Ørsta, ein politiskar frå kvar kommune, leiar for PPT og ein tilsettere representant (ikkje nødvendigvis tillitsvald). PPT sin sekretær var også sekretær for styret.

Det hadde ei tid vore arbeid med at ein skulle gå over til vertskommunemodell med Ørsta kommune som vertskommune, noko som vart gjort pr. 01.07.2015. Det er elles ikkje ukjent at kontoret i ei årrekke har hatt utfordringar. Dette har vore knytt både til leveranse og bemanning, men også diverre til arbeidsmiljøet. Det har også tidlegare vore gjort forsøk på å gjere noko med arbeidsmiljøet, m.a. var der ein stor prosess (i 2006-07) i regi av Volda i samarbeid med HMS-Consult, som gjennomførte ei arbeidsmiljøkartlegging. Dette arbeidet førte diverre ikkje til ynskt endring. Det har også vore prosessar på politisk nivå knytte til arbeidsmiljøet (2009), men prosessen førte den gong ikkje til noko endring, og situasjonen i dag må diverre kunne karakteriserast som særst alvorleg.

I 2016 vart det gjennomført ei organisasjonsanalyse for PPT Volda og Ørsta av Stamina Census sentralt. Rapporten frå Stamina vert levert i mai og rår primært til at ein søker å få til samarbeid med andre kommunar om eit større PPT-kontor. I juni 2016 vart politisk nivå i Ørsta og Volda orienterte om resultatet av undersøkingane og analysen som Stamina Census har gjennomført (i tillegg til resultatet av brukarundersøkinga). Sett i lys av historikken i tenesta, gjer at Ørsta kommune som ansvarleg arbeidsgivar ikkje ser at tenesta kan halde fram i den form ho er i dag.

Pressemelding 7.juni: Endring i organiseringa av PPT for Volda og Ørsta:

*"Alle kommunar har ansvar for å ha ei pedagogisk-psykologiske teneste. PP-tenesta skal etter lova hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for born og unge med særlege behov. PP-tenesta skal dessutan sørgje for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Det er sterkt å beklage at Volda og Ørsta kommunar både under tidlegare interkommunal organisering og noverande vertskommunemodell i lange periodar*



*ikkje har makta å få til ei drift som fullt ut stettar lova og dei statlege styringssignala. Ein har m.a. hatt utfordringar knytte til dagleg drift og til rekruttering, noko som har medført at tenesta berre i kortare periodar har vore fullt bemanna.*

*Sidan Ørsta kommune tok over som ansvarleg vertskommune 01.07.2015, har kommunen gjennomført ein prosess med å kartlegge årsaker og ta tak i desse utfordringane. Ei viktig årsak til denne prosessen er at styret for den interkommunale PP-tenesta våren 2015 (rett før verksemdsoverdraginga) mottok ei varsling frå dei tilsette. Eitt ledd i kartlegginga har vore ein organisasjonsanalyse gjennomført av eksterne organisasjonspsykologar i Stamina Census. Kommunen kjem til å fylgje rådet frå Stamina Census om å søkje nye samarbeidspartar med det mål å få til eit større interkommunalt samarbeid. Dersom dette ikkje lukkast, kan det verte aktuelt for Ørsta kommune å kjøpe tenestene frå andre PPT-kontor, slik fylkeskommunen gjer i dag.”*

Volda kommune sa opp vertskommuneavtalen juni 2016. Ein har sidan dette i samarbeid utgreidd ulike samarbeidstiltak og kjøp av tenester med nabokommunar. Etter kvart har det vorte klart at den einaste farbare vegen, er den Stamina Census formulerte som konklusjon i si organisasjonsanalyse våren 2016: *”Vi tror den beste veien for kommunen(e) nå er å søke en interkommunal løsning. På den måten kan man lettere bygge en stor og robust nok organisasjon som inneholder tilstrekkelig kompetanse, større fleksibilitet på organisering og oppgavefordeling og kan bli et sterkt kompetansesenter som vil være attraktivt for fagpersoner”.*

Sonderingar hausten 2016 om eit felles PPT for Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta, har gitt resultat: Alle kommunane er positive til samarbeid etter vertskommunemodellen om eit felles PPT med kontor i Ulsteinvik. Ulstein kommune er no i ferd med å utarbeide forslag til vertskommuneavtale og har varsla at dei kallar dei andre tre kommunane inn til møte så snart forslaget er klart. Det vert no også lagt eit felles løp for politisk handsaming i kommunane. Målet er eit felles PPT så snart det er praktisk mogleg. Ørsta og Volda kommunar har dermed følgd rådet frå Stamina Census, og leiinga i begge kommunane er svært motiverte for ei slik løysing og tek felles ansvar for å få dette til. Dette gjeld også med tanke på situasjonen for dei tilsette i noverande PPT, der medarbeidarprosessen er godt i gong med tanke på å finne ut kva ønskjer dei ulike medarbeidarane har for si framtidige yrkestilknytning. Så vil gjeldande vertskommuneavtale og prosessen vidare vise kva som er mogleg å få til.

Med helsing

Wenche Solheim  
Rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Eg ber om at du sender ut denne e-posten som orienteringssak for formannskapet ved neste utsending.

Mvh

Rune

---

**Fra:** Lars Løkeland Slåke  
**Sendt:** 19. januar 2017 10:41  
**Til:** Jørgen Vestgarden; Rune Sjugard  
**Emne:** SV: Midlar til klimatiltak i kommunane.

Hei!

Mi vurdering er at det ikkje er aktuelt å søke om midlar i denne omgang. Eg meiner det ikkje er større prosjekt i klimahandlingsplanen frå 2016 som vil få støtte.

Dette er ei nasjonal satsing og målet er å få ned nasjonale utslepp, dermed får dei beste prosjekta støtte. Disse kronene får dermed uansett ned Norske utslepp som er målet. Om dette skjer i Volda eller andre delar av Norge er likegyldig for resultatet. Likevel er det viktig at me også reduserar dei lokale utsleppa i Volda for å vere med å dra vår del av lasset.

Volda kommune står for tida utan klimahandlingsplan, denne må fornyast i løpet av våren. Eg meiner at det då er naturleg å tenke godt gjennom korleis Volda kommune kan gjere seg nytte av klimasats og kva prosjekt me kan søke støtte til. Dermed kan ein søke støtte i neste omgang til eit gjennomtenkt prosjekt.

**Lars Løkeland Slåke**



*Utvikling*  
Direkte 70058883  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

---

**Fra:** Jørgen Vestgarden  
**Sendt:** 19. januar 2017 10:29  
**Til:** Rune Sjugard <[Rune.Sjugard@volda.kommune.no](mailto:Rune.Sjugard@volda.kommune.no)>  
**Kopi:** Lars Løkeland Slåke <[lars.lokeland.slake@volda.kommune.no](mailto:lars.lokeland.slake@volda.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Midlar til klimatiltak i kommunane.

Ja. Eg har bedt Lars å sjå på dette og gi tilbakemelding.

Mvh Jørgen

---

**Fra:** Rune Sjugard  
**Sendt:** 19. januar 2017 10:21  
**Til:** Jørgen Vestgarden  
**Emne:** VS: Midlar til klimatiltak i kommunane.

Du har registrert denne?

Mvh

Rune

---

**Fra:** Rune Sjugard  
**Sendt:** 16. januar 2017 18:03  
**Til:** Jørgen Vestgarden  
**Kopi:** Jørgen Amdam  
**Emne:** Vs: Midlar til klimatiltak i kommunane.

Eg ber om at du sørger for at det vert teke ein gjennomgang av tiltaka i klimapanen opp mot tilskotskriteria, samt førebu ev søknader. Eg vil be om informasjon om ev søknad i forkant. Søknader skal sendast formannskapet til orientering.

Mvh

Rune

Sendt fra Galaxy Tab.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Øyvind Festø <[oyvhund@gmail.com](mailto:oyvhund@gmail.com)>

Dato: 16.01.2017 15:14 (GMT+01:00)

Til: Rune Sjurgard <[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no](mailto:Rune.Sjurgard@volda.kommune.no)>

Emne: Midlar til klimatiltak i kommunane.

Hei Rune!

Sender ein link om miljødirektoratet sine midlar til miljøtiltak i kommunane.

Søknadsfristen er 15. februar, og søknaden må vere politisk forankra.

Eg vil tru at det er fleire tiltak i kommunen sin klimaplan som ikkje let seg gjennomføre kostnadsfritt. Difor ville det vere gunstig å setje igang eit eller fleire prosjekt som kan bli delfinansiert av denne ordninga. 150 millionar er ikkje ein uvesentleg storleik...

<http://miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2016/Desember-2016/Kommuner-kan-soke-stotte-til-klimatiltak/>

Med helsing Øyvind Festø

MDG



**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Austefjord Bygdekvinne lag v. Ingunn Johanne Holsvik  
Høydalsvegen 1829

6110 Austefjorden

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/148	747/2017	223	SVK/ INGJOH	18.01.2017

**SVAR PÅ SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE (KR 25.000) TIL OPPUSSING AV  
NYTT LOKALE I HØVE RIVING AV GAMLESKULEN I AUSTEFJORDEN**

Vi har motteke søknad om støtte til oppussing av nytt lokale.

Volda kommune har dessverre ikkje midlar på budsjettet til å støtte denne type tiltak, og søknaden kan derfor ikkje bli innvilga.

Det blir arbeidd med å etablere ei ordning med tildeling av kulturmidlar i løpet av 2017. Kriterier og retningsliner vert gjort kjent når ordninga er vedteke.

Med helsing

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:  
Formannskapet





# VOLDA KOMMUNE

## Helse- og omsorgssjef sin stab

HELSE MØRE OG ROMSDAL HF  
Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm  
Åsehaugen 1

6026 ÅLESUND

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1988	733/2017	G00	STAB/ AG	18.01.2017

### **HØYRINGSSVAR - RETNINGSLINJE FOR BISTAND FRÅ KOMMUNALT PERSONELL FOR PERSONAR MED SPESEILLE OPPFØLGINGSBEHOV VED INNLEGGING I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

Denne høyringssaka er drøfta intern i kommunen og i Sunnmøre Regionråd si samhandlingsgruppe, der det var semje om at

1. Det utsendte høyringsforslaget frå Helse Møre og Romsdal HF samsvarar ikkje med gjeldande lovverk, slik det også er utdjupa i brev frå Helsedirektoratet 29.08.2011 (vedlegg i saka)
2. Samhandlingsavtalen sine reglar om usemje og tvist kan ikkje utan vidare gjerast gjeldande i ei retningslinje for samhandling, så lenge den ikkje er ein del av dette omforeinte avtaleverket og godkjent både av Helse Møre og Romsdal HF og av kommunane i Møre og Romsdal.

På bakgrunn av drøftingane i Sunnmøre Regionråd si samhandlingsgruppe fekk seniorrådgivar Håvard Overå i Ålesund kommune i oppdrag å utarbeide eit høyringssvar, der saka og vurderingane er godt belyste.

Volda kommune sluttar seg til denne høyringsuttalen:

Vi viser til dykkar brev datert 30.11.16 der de sender forslag til «Retningsline for bistand frå kommunalt personell for personar med spesielle oppfølgingsbehov» ut på høyring til kommunane med frist 25.1.2017. Ålesund kommune gir med dette sitt høyringssvar.

Det er positivt at dette temaet vert teke opp til avklaring, fordi det i fleire år har vore ein gjengangar som har skapt usemje mellom kommunane og helseføretaket. Det har difor tært på det gode samarbeidet partane har bygd opp i dei seinare åra.

Men vi stiller oss særskild kritiske til det som kjem fram i høyringsutkastet slik det no er utforma.

#### Lovgrunnlaget

Vårt utgangspunkt er at lovverket avklarar kva som er kommunalt ansvar og kva som er helseføretaket sitt ansvar. I denne saka er lovverket slik at det heilt og fullt er helseføretaket sitt ansvar å sørge for at alle pasienten sine behov vert ivareteke i tilstrekkeleg grad når inn-

---

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058828	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro:

byggaren har opphald i helseføretaket, dvs. i sjukehus eller andre tenester innan helseføretaket.

Spørsmålet om fordeling av økonomisk ansvar når ein person med særlege bistandsbehov har opphald i sjukehus, vart av Aker universitetssykehus og Eidsvoll kommune teke opp med Helsedirektoratet i 2011. I svarbrevet frå Helsedirektoratet datert 29.8.2011 (sjå vedlegg) siterar dei delar av eit svar fra Helse- og omsorgsdepartementet:

*«Dersom en pasient har behov for å ha med seg en person som skal yte særlig bistand i forbindelse med opphold på for eksempel sykehus, skal sykehuset sørge for, herunder dekke utgiftene til, denne bistanden. Dersom sykehuset mener at det er behov for at en ansatt i kommunen eller en annen person som kjenner pasienten godt, er til stede mens pasienten er innlagt eller er til poliklinisk konsultasjon, må eventuelle utgifter til denne bistanden dekkes av sykehuset. Det må også gjelde dersom pasienten bor i omsorgsbolig eller på sykehjem».*

I høve til høyringsutkastet vil vi på denne bakgrunnen peike på tre tilhøve:

1. Ansvarsfordelinga gjeld alle pasientar uavhengig av diagnose, alder osv, og uavhengig av behandlingsform (døgn, poliklinikk, osv).
2. Det er helseføretaket sitt ansvar å vurdere og beslutte kva behov pasienten har og kva tenester som skal ytast, og dette bør gjerne skje etter fagleg drøfting med kommunalt personale/instans som kjenne brukaren godt, når brukaren har særskilde behov for assistanse. Fyrste setning i punkt 6 tek ikkje tilstrekkeleg høgde for dette, til dømes om pasienten sine behov er endra i høve til heimesituasjonen.
3. Helseføretaket skal bere alle kostnadar med rekvirering og bruk av kommunal bistand når brukaren har særskilde behov for assistanse under behandling i spesialisthelsetenesta. Punkt 7 og 8 i høyringsutkastet til Retningsliner kan difor ikkje akseptrast.

#### Ad. Samhandlingsavtalen mellom helseføretaket og kommunane

Det vert i høyringsforslaget vist til Samhandlingsavtalen mellom helseføretaket og kommunane. At det i høyringsforslaget punkt 6 er vist til dei rutiner rundt innlegging, sjukehusopphald og utskriving som er fastsett i samarbeidsavtalen, er kanskje ikkje nødvendig, men kan vere nyttig.

Men når høyringsutkastet i punkt 9 vil nytte tvisteordninga i Samhandlingsavtalen for å handtere usemje, tek det høyringsutkastet til eit heilt anna formelt nivå. Skal dette gjerast gjeldande, må samabeid kring den aktuelle problemstillinga løftast inn som ein ny delavtale under Samhandlingsavtalen. I så tilfelle vil dette temaet vere gjenstand for reelle forhandlingar ved neste revisjon av Samhandlingsavtalen og på kommunesida gå til formell avgjer i by- og kommunestyra i kommunane i Møre og Romsdal. Punkt 9 i høyringsutkastet til Retningsliner kan difor ikkje akseptrast.

#### Konklusjon:

1. Det utsende høyringsforslaget samsvarar ikkje med gjeldande lovverk og Ålesund kommune kan ikkje akseptere høyringsutkastet slik det ligg føre.
2. Samhandlingsavtalen sine reglar kring usemje kan ikkje utan vidare takast inn i ei rutine om samhandling.

### Vidare arbeid

Det vanskelege temaet i dette sakskomplekset er det økonomiske tilhøvet mellom helseføretak og kommune knytt til enkeltbrukar/-pasient. Situasjonen i kommunane kring den enkelte brukar/pasient som dette gjeld, vil variere mykje i forhold til om kommuna vert påført store eller mindre meirkostnadar ved til dømes opphald i sjukehus. I nokre tilfelle har brukaren eige personell som i sin heilskap kan fylgje med over til sjukehuset, og utgiftene vert då ikkje så store (til dømes reiseutgifter og meirarbeidstimar). I andre tilfelle bur brukaren i ein fellesbustad der personalet i liten grad kan reduserast om ein brukar vert borte, og då vert kostnadane for helseføretaket høge. Slik vi ser det, er det vanskeleg å lage eit regelsett for økonomisk finrekning på generelt grunnlag som vil vere gyldig i det enkelte tilfelle. Vår syn er difor at det økonomiske oppgjeret i den enkelte sak må bygge på gjensidig tillit og respekt mellom partane.

Som nemt innleiingsvis er det positivt at temaet vert teke opp, og vi ser at å utforme eit skjema for avtale og eit skjema for logg er eit positivt bidrag til samarbeidet.

For å få til ei omforeint rutine for dette temaet, må det arbeidast vidare. Frå Ålesund kommune si side ser vi med undring på at ein tilsett i fylkeskommunen har vore ein av dei to som skulle representere kommunane i dette arbeidet. Vi ber om at kommunane får høve til å oppnemne sine representantar i det vidare arbeid. Til dømes vil dei tre regionråda, som har sekretariats-funksjonen for dei lokale samhandlingsutvala, kunne verte samde om kven som skal representere kommunene.

Med helsing

Rune Sjørgard  
Rådmann

Arne Gotteberg  
Kommuneoverlege/fagsjef

Volda Formannskap - orienteringssak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Ber om at denne e-posten vert sendt ut som orienteringssak for formannskapet.

Mvh

Rune

---

**Fra:** V-Postmottak

**Sendt:** 10. januar 2017 08:58

**Til:** Jørgen Amdam; Rune Sjugard; Jørgen Vestgarden; Per Heltne

**Kopi:** Heidi Istad; Berit Sandvik Skeide

**Emne:** VS: Samordna bolig-, areal- og transportplan Ålesundsregionen

---

**Fra:** Johnny Loen [<mailto:Johnny.Loen@mrfylke.no>]

**Sendt:** 9. januar 2017 15:26

**Til:** Resepsjon postmottak; Sande Kommune; Ulstein Postmottak; Postmottak Hareid; postmottak; V-Postmottak; Ørsta postmottak; Norddal Kommune; Stordal Kommune; Stranda Kommune; Sykkylven Kommune; [postmottak@alseund.kommune.no](mailto:postmottak@alseund.kommune.no); Sula Kommune; Giske Kommune; Sandøy Kommune; Haram Kommune; Skodje Kommune; Ørskog Kommune

**Kopi:** Ole Helge Haugen; Kjersti Finholt; Ingunn Stette; Anne Mette Liavaag; Jan Kåre Aurdal

**Emne:** Samordna bolig-, areal- og transportplan Ålesundsregionen

**Bes formidla til ordfører, rådmann, plansjef**

Hei og godt nyttår !

Jamfør tidligere møter om planstrategier og felles planlegging, både i plenum og i nedsatt arbeidsgruppe; Vi er nå i ferd med å formulere en sak til fylkesutvalget og samferdselsutvalget der vi ber om prinsipptilslutning til å igangsette en regional planprosess med siktemål å samordne bolig-, areal- og transportplanlegginga i Ålesundsregionen.

Det er intensjonen å sette saken opp i fylkesutvalget 27 februar. Vedtaket i fylkesutvalget vil (forutsetningsvis) følges opp med et mer konkret initiativ retta mot kommunene om tilslutning og medvirkning.

Dette til orientering.

Johnny Loen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Plansamordnar

71 28 02 43 / 416 31 775



Deres referanse:

Vår referanse:  
2016/04892

Sted, Dato  
Oslo, 13.01.2017

## **ENDRINGER I INNDELING I LENSMANNS- OG POLITISTASJONSDISTRIKTER OG TJENESTESTEDER I MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT**

Det vises til brev fra politimesteren i Møre og Romsdal politidistrikt av 15.12.2016 med tilrådning om endringer i politidistriktets lokale struktur, basert på forutgående lokale prosesser med involvering av kommuner og tjenestemannsorganisasjonene lokalt.

Politidirektoratet har besluttet følgende endringer i inndelingen i lensmanns- og politistasjonsdistrikter, og endringer i tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt.

- Sammenslåing av Smøla lensmannsdistrikt og Aure lensmannsdistrikt, til Smøla og Aure lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestested: Aure lensmannskontor og Smøla lensmannskontor.

Administrasjonssted er lagt til Aure. Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Aure og Smøla.

- Sammenslåing av Surnadal og Rindal lensmannsdistrikt og Halså lensmannsdistrikt, til Halså og Surnadal lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Surnadal lensmannskontor.

Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Surnadal, Rindal, og Halså.

- Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sunndal, Nesset, og Tingvoll, til Indre Nordmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Sunndal lensmannskontor og Tingvoll lensmannskontor.

Administrasjonssted er lagt til Sunndalsøra (Sunndal lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Sunndal, Tingvoll, og Nesset.

- Sammenslåing av Kristiansund politistasjonsdistrikt, Averøy lensmannsdistrikt, og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (del som dekker Gjemnes kommune), til Kristiansund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Kristiansund politistasjon.

### **Politidirektoratet**

Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo  
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16

Tlf: 23 36 41 00  
Faks: 23 36 42 96  
E-post: [politidirektoratet@politiet.no](mailto:politidirektoratet@politiet.no)

Org. nr.: 982 531 950  
Giro: 7694.05.02388  
[www.politi.no](http://www.politi.no)

Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige oppgaver for kommunene Kristiansund, Averøy, og Gjemnes.

- Sammenslåing av Fræna lensmannsdistrikt og del av Gjemnes og Eide lensmannsdistrikt (del som dekker Eide kommune), til Eide og Fræna lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Elnesvågen (Fræna lensmannskontor).

Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige oppgaver for kommunene Eide og Fræna.

- Sammenslåing av Molde politistasjonsdistrikt og del av Sund lensmannsdistrikt (del som dekker Aukra og Midsund kommuner), til Molde politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet har følgende tjenestested og administrasjonssted: Molde politistasjon.

Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Molde, Aukra og Midsund.

- Sammenslåing av lensmannsdistriktene Haram og Ørskog, del av Sund lensmannsdistrikt (del som dekker Sandøy kommune), og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Norddal kommune), til Nordre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestested og administrasjonssted: Haram lensmannskontor.

Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Haram, Ørskog, Skodje, Stordal, Norddal og Sandøy.

- Sammenslåing av lensmannsdistriktene Sykkylven, Volda og Ørsta, og del av Stranda og Norddal lensmannsdistrikt (del som dekker Stranda kommune), til Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Sykkylven lensmannskontor og Ørsta lensmannskontor.

Administrasjonssted er lagt til Ørsta. Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Stranda, Sykkylven, Volda, og Ørsta.

- Sammenslåing av Vestnes lensmannsdistrikt og Rauma lensmannsdistrikt, til Vestnes og Rauma lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet har følgende tjenestesteder: Vestnes lensmannskontor, og Rauma lensmannskontor.

Administrasjonssted er lagt til Åndalsnes (Rauma lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Vestnes og Rauma.

- Sammenslåing av Ålesund politistasjonsdistrikt og lensmannsdistriktene Giske og Sula, til Ålesund politistasjonsdistrikt. Politistasjonsdistriktet vil ha følgende tjenestested og administrasjonssted: Ålesund politistasjon.

Politistasjonsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Ålesund, Giske, og Sula.

- Sammenslåing av Vanylven lensmannsdistrikt og Herøy og Sande lensmannsdistrikt, til Søre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Lensmannsdistriktet vil ha følgende tjenestesteder: Vanylven lensmannskontor og Herøy og Sande lensmannskontor.

Administrasjonssted vil være Fosnavåg (Herøy og Sande lensmannskontor). Lensmannsdistriktet vil ivareta politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Vanylven, Herøy, og Sande.

Følgende lensmannsdistrikt videreføres uten endringer.

- Ulstein og Hareid lensmannsdistrikt, med tjenestested Ulstein og Hareid lensmannskontor. Lensmannsdistriktet dekker politimessige og sivilrettslige gjøremål for kommunene Ulstein og Hareid.

Klageordning for kommuner som berøres av ny tjenestestedsstruktur

Politidirektoratets avgjørelser kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet i medhold av forskrift 2016-06-22-815. Klagen må fremsettes innen åtte uker fra det tidspunkt kommunen mottok underrettelse om avgjørelsen. Klagen skal sendes til Politidirektoratet.

Frist for klage på beslutningene ovenfor er 10. mars 2017.

Klagen skal være skriftlig og begrunnet, og skal angi hvilke endringer i avgjørelsen som kommunen ønsker eller om kommunene ønsker avgjørelsen helt eller delvis opphevet på grunn av forhold ved saksbehandlingen.

Med hilsen

  
**Odd Reidar Humlegård**

Kommunene i Møre og Romsdal politidistrikt:

Aure  
Smøla  
Surnadal  
Rindal  
Halsa  
Sunndal  
Neset  
Tingvoll  
Kristiansund  
Averøy  
Gjemnes  
Eide  
Fræna  
Molde  
Aukra  
Midsund  
Sandøy  
Haram  
Ørskog  
Skodje  
Stordal  
Norrdal  
Stranda  
Sykkylven  
Volda  
Ørsta  
Vestnes  
Rauma  
Ålesund  
Giske  
Sula  
Ulstein  
Hareid  
Vanylven  
Herøy  
Sande



Til Møre og Romsdal politidistrikt og berørte kommuner,

Vedlagt følger brev med beslutninger fra Politidirektoratet om endringer i lokal struktur for Møre og Romsdal politidistrikt.

Med hilsen

Linda Evebø

*Sen.rådg.*

Avdeling for strategi, økonomi og virksomhetsstyring

Politidirektoratet